



KOMMUNEPLANENS  
HANDLINGSDEL  
**ØKONOMIPLAN 2024 – 2027  
OG ÅRSBUDSJETT 2024**



Skjåk kommune

# INNHOLD

Kommunedirektøren si vurdering.....	2
Status 2023 og grunnlaget for 2024.....	7
Risiko knytt til budsjettet.....	9
Regjeringa sitt forslag til statsbudsjett for 2024 .....	9
Rentenivå .....	9
Løn og pensjon .....	9
Kraftinntekter.....	10
Tilbakeføring av pensjonsmidler frå KLP .....	10
Vurdering.....	10
Økonomi .....	12
Budsjettprosessen .....	12
Overordna mål og handlingsreglar.....	12
Rammebetingelsar .....	17
Balansepostar.....	23
Framtidsutsikter økonomi.....	24
Medarbeidarar.....	26
Hovudmålsettingar.....	26
Arbeidstid og heiltidskultur.....	26
Fråvær .....	27
Kompetanseutvikling og rekruttering .....	27
Presentasjon av hovudområde .....	29
Overordna organisasjonskart .....	29
Tenesteområde Oppvekst og utdanning.....	30
Tenesteområde Miljø- og samfunnsutvikling .....	41
Tenesteområde Helse og omsorg .....	56

## KOMMUNEDIREKTØREN SI VURDERING

Kommunedirektøren legg med dette fram forslag til kommuneplanens handlingsdel med budsjett for 2024 og økonomiplan fram til og med 2027. Det er utarbeidd budsjettbok med aktuelle hovudoversikter.

Det er eit omfattande arbeid som ligg bak utarbeiding av kommuneplanen sin handlingsdel og økonomiplan. Arbeidet starta med dialogkonferansen til kommunestyret 13. og 14. juni 2023. Deretter har dei kommunale- og interkommunale einingane kome med sine vurderingar og innspel. Det heile er avstemt med dei økonomiske rammevilkåra som blei kjent ved framlegging av regjeringa Støre sitt forslag til statsbudsjett for 2024 den 6. oktober 2023.

I Skjåk kommune er det mange dyktige tilsette som kvar einaste dag leverer tenester innan mange område. Budsjettet og ein økonomiplanen har som føremål å definere rammene for all aktivitet i kommunen. Det kjem stadig nye forventningar, frå stat og andre aktørar innan dei ulike tenesteområda, til kva tenester kommunen skal levere. I dette spennet skal kommunedirektøren legge fram eit forslag til budsjett- og økonomiplan for perioden 2024-2027. Føresetnaden for budsjett- og økonomiplanarbeidet har endre seg frå førre år. Internasjonal uro, auka rente, auka løns- og prisstigning, flyktningstraumen samstundes som vi innan helse og omsorgssektoren har utfordringar mtp. tilgang på personell. Kommuneplanen og økonomiplanen er kommunen sine fremste styringsreiskap for lokale prioriteringar innan tenesteyting og lokal samfunnsutvikling. Med ein strammare om meir usikker kommuneøkonomi er det behov for eit sterkt fokus på det strategiske arbeidet.

Økonomien i Norge og verda er for tida prega av større usikkerheit enn normalt. Prisstigning og rentenivået er ei utfordring også for oss i Skjåk.

### **Statsbudsjettet 2024**

Sitat om statsbudsjettet frå styreleiar i KS, Gunn Marit Helgesen.:

*"Selv om veksten i kommunesektorens frie inntekter dekker beregnede økte kostnader til tjenestene i 2024, vil presset på kommunale tjenester gi svært krevende budsjettprosesser i kommunene"*

*«Regjeringens forslag til vekst i frie inntekter er i tråd med forventningene fra kommuneopposisjonen. Det er en høy sum, men både demografiske endringer og antall flyktninger gjør at presset på kommunale tjenester øker sterkt»*

Utkast til statsbudsjett 2024 omtalar ulike satsingar og verkemiddel som er relevant for kommunane. Fleire ordningar er søknadsbaserte.

Nokre aktuelle satsingar er lista opp nedanfor:

- Bustadtiltak i distrikta – tilskot til bustadtiltak i distrikta, med føremål å auke tilgang på tilpassa bustadar i distrikta.
- Bustønad – regjeringa føreslår å vidareføre mellombels regelverk for bustøtte ut mars 2024.
- Bygdevekst – regjeringa føreslår å vidareføre ordninga med bygdevekstavtaler. Gjennom bygdevekstavtaler skal kommune og stat samarbeide om tiltak for busetting, betre tilgang på arbeidskraft og framtidsretta næringsutvikling.
- Husbanken si låneramme – auken i 2023 vert videreført i 2024. Lån frå husbanken skal bidra til at fleire kan eiga bustad og til å auke tilgang på tilpassa bustader i heile landet.
- Nærtenestesenter – regjeringa føreslår å sette av midlar til pilotering av samlokalisering av statlege og kommunale tenester i område der innbyggjarar har lang veg til statlege tenester.
- Flyktningar til Noreg – regjeringa har i statsbudsjettet lagt til grunn at det vil komme 25 000 flyktningar til landet i 2024. Det er forventa at 20 000 kjem frå Ukraina.
- Frivilligsentralar – tilskot per frivilligsentral vert videreført i 2024.
- Lesesatsing og innsats mot mobbing er prioritert
- SFO – regjeringa vidarefører gratis kjernetid i SFO for 1. og 2. klasse og ei satsing på innhald SFO og vidareutdanning av SFO leiarar.
- Makspris barnehage – regjeringa føreslår å redusere makspris for barnehage.
- Rekruttering av spesialistar i allmennmedisin – regjeringa føreslår å auke talet stillingar for legar i spesialisering (LIS1-stillingar)
- Psykisk helse og rus og styrking av helsestasjonar og skulehelseteneste – kommunane får delar av bevillinga i rammetilskotet.
- Heildøgns omsorgsplassar – regjeringa føreslår å gje tilskot til etablering av 1500 nye heildøgns omsorgsplassar.
- Fastlegeordninga – pasienttilpassa basistilskot vart innført i 2023. Kommunane får kompensert i rammetilskotet for heilårseffekt av pasienttilpassar basistilskot.
- Gjennom *Bu trygt heime* reforma set regjeringa av 75 mill. kr for å følgje opp tiltak. I tillegg 58 mil. kr til *TØRN*- prosjekt og fire mill. kr til tiltaket *Jobbvinner*.
- Ekstra arbeidsgjevaravgift for lønnsinntekter over 0,75 mill. kr. vert fasa ut. Grensa vert heva til 0,85 mill. kr frå 2024.
- Læringsarena og utstyr - rentekompensasjonsordning for investeringar i lokalar og større utstyr som bidreg til meir praktisk og variert skule. I tillegg tilskotsordning for å få meir praktisk og variert læring for 5.-10.trinn. Tilskotet vert fordelt etter elevtal.


Det er fleire utfordringar som legg press på kommunen:

- Manglande befolkningsvekst og aldrande befolkning. Samtidig synk tal på born og unge i skulealder.
- Auka tenestebehov hos eksisterande og nye brukarar.
- Kostnadsvekst innan helse og omsorg som følge av demografi og flytting av oppgåver frå stat til kommune

### Innbyggarsamansetting i kommunen


Tabellen syner at den yrkesaktive delen av befolkninga går betydeleg ned samtidig som talet på eldre aukar i åra framover (Data frå SSB).

Kommunen har i fleire år opplevd nedgang i folketalet. Dette skuldast både negativt fødselsoverskot og utflytting. Det mest bekymringsfulle er framskrivinga av befolkningsamsetjing. Denne framskrivinga syner betydeleg nedgang av tal på innbyggjarar i arbeidsaktiv alder (16-66 år) samstundes som talet på innbyggjarar over 80 år aukar vesentleg. Dette er alvorleg for kommunen om vi tenkjer å oppretthalde tenestetilbodet og at bedriftene har tilstrekkeleg tilgang på arbeidstakrarar.



Det er viktig at politikken og administrasjonen arbeider målretta for å utvikle Skjåk til å bli ein meir attraktiv kommune å busette seg i. Den demografiske utviklinga er ei utfordring også for kommuneøkonomien i Skjåk kommune. Politikken må i si planlegging og i sine strategiske val legge dei forventa endringane i demografien til grunn. Gjennom omstilling og strukturelle endringar må kommunen tilpasse tenestene. Denne utviklinga vil få bemanningsmessige konsekvensar.

Figuren under syner dei endra utgiftsbehova fram mot 2032.



Kommunedirektøren ser behov for å dreie bruk av næringsfondet meir mot systematiske tiltak der fokus er bulyst og rekruttering av innbyggjarar i arbeidsaktiv alder.

Gjennom søknad til husbanken fekk Skjåk kommune støtte til å utvikle eit konsept knytt til bulyst og rekrutteringsbustadane. Dette tiltaket har allereie gjeve mykje merksemad utafor kommunen der prosjektet har vore presentert for nettverket "bustad for velferd" to gonger.

Rekrutteringsbustadane er ei tydeleg satsing og eit motsvar til demografiutviklinga i Skjåk. Husbanken og distriktsenteret fyljer satsinga tett.

### Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging

Regjeringa la i juni 2023 fram nye nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging for å fremje berekraftig utvikling i heile landet. Regjeringa skal kvart fjerde år revidere retningslinjene. Dette er forankra i plan og bygningslova § 3-5 og 6-1. Dei nasjonale forventningane skal følgast opp i kommunen sitt arbeid med planstrategi og planar, og leggast til grunn for staten si medverknad i kommunal planlegging. I forventningsdokumentet for 2023-2027 har regjeringa teke utgangspunkt i desse fem overordna perspektiva:

- Samordning og samarbeid i planlegginga
- Trygge og inkluderande lokalsamfunn
- Velferd og berekraftig verdiskaping
- Klima, natur og miljø for framtida
- Samfunnstryggleik og beredskap

Under kvart av perspektiva er det konkrete forventningspunkt, til saman 72 punkt. Planlegging er eit viktig verktøy for å følgje opp forventningane.

## KOSTRA

Ordet KOSTRA står for KOmmune STat RApportering, og er ei årleg innrapportering kommunane gjer til staten via SSB. Sjå internettlink: <http://www.ssb.no/kostra>. Målet med KOSTRA er å kople saman tenesteproduksjonsdata, type teneste, tal produserte einingar, personalinnsats - årsverk/timar, brukarar osv. med økonomidata (utgift og inntekt pr. teneste). Dette vil gje informasjon om prioritering, produktivitet og dekningsgrad i høve til kommunen sine ulike brukargrupper. Gjennom denne rapporteringa vert det produsert nøkkeltal i tre nivå. Nøkkeltala er relevante for kommunen sin eigen styring. Her kan ein samanlikne kommunen si utvikling år etter år, eller samanlikne kommunen med andre kommunar. Tal frå KOSTRA er sentralt i dette dokumentet.

Skjåk kommune er i kommunegruppe 5. Dette er ei gruppe med 2.000 til 9.999 innbyggjarar, høge bundne kostnader og middels korrigerte inntekter.

I juni førre år hadde politikarar og leiarar ein felles gjennomgang i regi av KS. I 2023 ble det presentert ei overordna analyse på dialogkonferansen, som var utarbeidd av KA. Disse analysane er med og gjev eit fundament for å vurdere tenestene med tanke på 2024 og framover.


Kommunebarometeret ([www.kommunebarometeret.no](http://www.kommunebarometeret.no)) gir eit bilet av korleis kvaliteten på tenestene er i Skjåk samanlikna med andre kommunar. Undersøkinga er å oppfatte som ei objektiv vurdering av tenestekvalitet – i motsetnad til brukarundersøkingane som er ei subjektiv vurdering av kvaliteten. Kommunane er rangert etter 151 nøkkeltal på tvers av 12 ulike sektorar. Skjåk landar ganske langt nede på totaltabellen, på 231. plass av i alt 356 kommunar. Til samanlikning hamna vi i fjor på 203 plass.

Kategori	Rangering 2021	Rangering 2022	Rangering 2023
Grunnskule	107	173	208
Pleie og omsorg	291	33	39
Barnevern	296	324	336
Barnehage	198	237	247
Helse	186	209	189
Sosialteneste	243	79	317
Kultur	80	34	21
Miljø og ressursar	265	298	100*
Sakshandsaming	42	43	66
Vatn og avløp	203	324	84
Økonomi	19	46	10
Kostnadsnivå	219	212	259

\*klima og natur


## STATUS 2023 OG GRUNNLAGET FOR 2024

Tal på innbyggjarar i Skjåk 2014 – 2023:




Ved inngangen til andre kvartal 2023 er det 2145 innbyggjarar i følgje oversikt frå SSB.

KOSTRA-oversikta syner netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter for Skjåk, Innlandet, Kommunegruppe 5 og landet i 2022. Oppstillinga er ikkje korrigert for premieavvik.



Kjelde (SSB); <https://www.ssb.no/statbank/table/121134/tableViewLayout1/>

Fordeling av budsjetterte lønsutgifter i prosent per område 2024:



Budsjetterte lønsutgifter, ekskludert sosiale kostnadar, er 166,499 millionar kroner i 2024 på artene 1010 - 1089. Regionale kostnadar og refusjon til Lom kjem ikkje under løn. Skjåk driftar også samarbeid med nabokommunen, som genererer lønskostnadar.

## RISIKO KNYTT TIL BUDSJETTET

### Regjeringa sitt forslag til statsbudsjett for 2024

Regjeringa la fram forslag til statsbudsjett den 6. oktober. Skjåk kommune fekk ei auke på 7,7 % i frie inntekter i 2024 sett i høve til førre år, som tilsvasar ei auke på 12,741 millionar kroner. Gjennomsnittleg auke i frie inntekter for Innlandet fylket er 5,1 % og 4,7 % for heile landet. Fri inntekter utgjer 178,414 millionar kroner for Skjåk kommune. Skjåk kommune fekk god utteljing, mest på grunn av fleire eldre over 90 år.

Det er spesifisert fordeling knytt til satsing på helsestasjon og skulehelseteneste med 338.000 kroner. Kommunen har fått ordinært skjønnstilskot på 500.000 kroner. Distriktstilskotet utgjer isolert sett 6,526 millionar kroner av rammetilskotet.

Overføringane frå staten og skatteinntektene er kommunen sine største inntektspostar og dei blir mest påverka av endringar i folketal, fordeling på aldersgrupper og utgiftsbehov elles.

### Rentenivå

Rentenivået har auka kraftig dei siste åra, men marknaden forventar at toppen blir nådd i 2024, og at renta gradvis beveger seg litt nedover dei neste åra. Kommunen tek utgangspunkt i rentenivået som Kommunalbanken prognosirer på budsjetteringstidspunktet, da vi har alle låna der, med unntak av skulen. Det er budsjettet med rente på 5,3 % i 2024, som reduserast til 4,3 % sist i planperioden. Rentepronosane varierer og er avhengig av fleire faktorar, blant anna krig, pandemi, inflasjonspress, økonomiske nøkkeltal og fare for resesjon.

Låneopptak til Skjåkhallen og flaumsikring aukar låneopptaket og rentegrunnlaget kraftig. Det er og lagt inn lån til barnehage og mange mindre prosjekt i planperioden. Det er budsjettet med knapt 17,9 millionar kroner i ordinære renteutgifter i 2024. I tillegg kjem påløpte renter og renter til startlån. Til samanlikning var ordinære renteutgifter vel 2,4 millionar kroner i 2021.

### Løn og pensjon

Løn er den klart største utgiftsposten til kommunen. Alle ansvarsområde skal legge inn lønsauke i budsjettet. I 2023 ble det eit svært høgt lønsoppgjer, på grunn av høg inflasjon over tid. Nivået på reguleringspremie pensjon er følsamt for auke i lønsoppgjer.

Det er av og til store svingingar i pensjonskostnadene frå år til år, og spesielt årleg reguleringspremie. Reguleringspremien var rekordlåg i 2020 med 2,7 millionar kroner og rekordhøg i 2023 med over 22

---

millionar kroner. Førebels er reguleringspremie estimert til knapt 13 millionar kroner i 2024, men dette avheng også av lønsoppgjer. Høg reguleringspremie og variasjonar inneber utfordringar med omsyn til budsjettbalanse. Variasjonar i reguleringspremie medfører over tid risiko for avvik.

## Kraftinntekter

Konsesjonskraftinntekter har variert svært mykje, frå knapt 3 millionar kroner i 2020 til vel 29 millionar kroner i 2022, til tross for sikringstap. I 2023 er inntektene ved utgangen av oktober netto på 14,5 millionar kroner, der 11,8 millionar kroner kom i første tertial.

Det er budsjettet med 18 millionar kroner i netto konsesjonskraftinntekter i 2024 for å få budsjettet i balanse. Ei heving av inntektsposten aukar budjettrisiko vesentleg, men er realistisk og samtidig likevel usikkert. Ein må da oppnå ein nettopris på om lag 38 øre per kWh. Dei siste åra har det vore høgare priser i prisområde 1 og 5, der vi har om lag 26,5% av konsesjonskrafta vår. I eige prisområde har vi om lag 73,5 % av konsesjonskrafta.

Kommunen har ikkje motteke grunnlag frå sentralskattekontoret på eigedomsskatt for 2024 på det tidspunkt vi ferdigstiller budsjettet. Det forventast ei auke i inntektene på grunn av gode kraftprisar over tid, men dette er usikkert. Samtidig blir inntektsgrunnlaget utjamna gjennom at fleire inntektsår vert lagt til grunn, når eigedomskatten vert rekna ut.

Konsesjonsavgifter og naturressursskatt har over tid vore stabile inntekter.

## Tilbakeføring av pensjonsmidlar frå KLP

Skjåk kommune hadde reserver i KLP sitt premiefond på 15,5 millionar kroner, for å møte uførutsette hendingar og svingingar knytt til pensjon. I 2023 tok vi ut 7,8 millionar kroner ekstra på grunn av høg reguleringspremie, slik at inntektsposten ble samla vel 10 millionar kroner. Handtering av premiereserve vart vedteke i kommunestyresak 52 i 2021. I 2024 er tilbakeføringa frå premiefond estimert til vel 4,2 millionar kroner, som og er lagt til grunn i budsjettet.

## Vurdering

Store investeringar, variasjonar i reguleringspremie, svingingar i tilbakeføring av avkastning frå KLP, relativt høgt rentenivå og høgare budsjett på konsesjonskraft aukar kommunen sin budjettrisiko. I planperioden er netto driftsresultat korrigert for premieavvik omtrent flatt, dersom ein justerer for inntektoverskot på flyktningteneste i 2024.

Det er viktig at vi over tid arbeider oss opp mot handlingsregelen på 3 %, slik at vi betre toler svingingar i driftsrekneskapen, og samtidig betrar evna til å finansiere mindre investeringar. I lys av eit svært godt resultat i 2022 er det lett å tro at det går bra uansett.

Samla risiko for avvik i høve til budsjett når det gjeld rammeoverføringer, rentenivå, lønsutvikling, kraftinntekter, reguleringspremie pensjon, tilbakeføring frå KLP og konsesjonskraft er stor. I tillegg har kommunen risiko knytt til tilpassing av ressursbruken, og eventuelle avvik på det enkelte ansvarsområde. Skjåk kommune er likevel godt budd på svingingar og har buffer i form av likviditetsreserve, pensjonsreserve og kraftfond.

## ØKONOMI

### Budsjettprosessen

Budsjettprosessen for 2024 vart vedteke i kommunestyresak 23 i mars 2023, og vedtaket gjev viktige føringar for framdrifta i arbeidet med budsjett og økonomiplan. Dei viktigaste elementa i prosessvedtaket er politisk involvering, budsjettforslag frå leiarar i september, balanse i budsjettet i oktober, ferdigstilling av dokument i november og politisk handsaming i desember.

Det er gjennomført dialogkonferanse med deltagarar frå administrasjon og politikarar tidleg på sommaren, der tilpassing av ressursbruk, investeringar, handlingsreglar og premissar for økonomiplan var viktige tema. Det var og gjennomgang av KOSTRA-indikatorar for å få eit godt bilet av nivået på ulike tenester.

Tidlegare er det vedteke at korrigert netto driftsresultat skal vere minst 2,5 % i 2024, og 3,0 % på sikt. Auka rente, høg reguleringspremie pensjon og større investeringar har resultert i at det i planperioden er budsjettet med eit lågare korrigert netto driftsresultat. Dersom ein skulle nådd handlingsregel på 3 %, så måtte ein har gjennomført større tilpassingar av kostnadene.

Prosessen har stort sett følgt vedteken plan. Den administrative presentasjonen er 23. november og det er planlagd at kommunestyret skal handsame dokumenta den 14. desember.

### Overordna mål og handlingsreglar

Det er vedteke eigne økonomiske mål i form av handlingreglar for kommunen i kommunestyresak 39/2016:

- Netto driftsresultat korrigert for premieavvik skal minimum vere minst 3 % av brutto driftsinntekter.
- Brutto lånegjeld skal vere innanfor 100 % av driftsinntektene på sikt. Gjeldsgraden skal reduserast frå inntil 115 % i 2017 til 100 % etter 2026, ein reduksjon på 1,5 % kvart år. Dette inneber at gjeldgraden skal vere maksimalt 104,5% i 2024.
- Frie midlar, i form av likviditetsreserve, skal minst tilsvara ein månads drift, det vil seie 8,33 % av brutto driftsutgifter.

Budsjettforslag inneholder følgjande økonomiske hovudmål for 2024 i høve til tidlegare vedtekte handlingsreglar;

Netto driftsresultat	Gjeld brutto	Frie midlar likviditet
<ul style="list-style-type: none"> <li>Mål + 2,5%</li> <li>Forslag +2,5 %</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Mål 104,5 %</li> <li>Forslag 119,5 %</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Mål 8,3 %</li> <li>Forslag 7,3 %</li> </ul>

Korrigert netto driftsresultat er i forslaget 2,5 %, men dette skuldast at det i 2024 er budsjettet med meir inntekter på flyktningteneste, som blir avsett. Korrigert for dette så er resultatet mellom 0,5 og 1,2 % alle åra i planperioden. Store investeringar og auka rente inneber at korrigert netto driftsresultat er lågare enn målet på 3% av driftsinntektene.

Forslaget til gjeldsgrad er omtala nærmere under gjeld og finans. Frie midlar likviditet er på eit høgt nivå til tross for at kommunen ligg litt under målet på 8,3 %.

### Resultatgrad


	Rekneskap 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027
Sum driftsinntekter	310 238 994	287 170 000	326 862 000	321 730 000	321 751 000	321 802 000
Netto driftsresultat	30 001 037	-1 618 000	2 593 000	2 987 000	2 281 000	3 677 000
Netto driftsresultat i % av omsetnad	9,7 %	-0,6 %	0,8 %	0,9 %	0,7 %	1,1 %
Netto premieavvik pensjon	4 806 700	-13 093 000	5 714 000	-226 000	305 000	-2 019 000
Korrigert netto driftsresultat for premieavvi	34 807 737	-14 711 000	8 307 000	2 761 000	2 586 000	1 658 000
Korr. netto driftsres. i % av omsetnad	11,2 %	-5,1 %	2,5 %	0,9 %	0,8 %	0,5 %

Forslaget tek høgde for å kunne klare større investeringar knytt til Skjåkhallen og flaumsikring, samtidig som rentenivået har auka. Eit korrigert netto driftsresultat som er under målet på 3% av driftsinntektene reduserer kommunen sin evne til å eigenfinansiere mindre investeringar framover. Med eit lågt korrigert netto driftsresultat i 2024 har kommunedirektøren også teke omsyn til å halde driftsnivået på eit godt nivå, og sjå an inntekter og utgifter som er variable over tid.

Framover må kommunen vurdere investeringar, konsesjonskraftinntektene, renteutviklinga og reguleringspremie pensjon saman med driftsnivået, for å sikte seg inn mot eit korrigert netto driftsresultat på 3 % av omsetnaden. Skjåk kommune har reserver for å kunne budsjettere med eit svakt netto driftsresultat i 2024.

## Gjeld og finans

Oversikta syner utvikling i gjeld i millionar kroner ekskludert pensjonsforpliktingar i perioden 2013 – 2022.



Kommunestyret har vedteke handlingsregel på lånepottek, der brutto lånegjeld skal ligge innanfor 104,5 % av omsetnad i 2024. Gjeldsgraden skal gradvis byggjast ned mot 100 %.

Skjåk kommune sin gjeldsgrad inneber høg renterisiko med flytande rente. Det er lagt til grunn ei rente på 5,3 % i 2024, og prognosene tilseier at denne vert lågare utover i planperioden. Rentebinding kan vurderast og reduserer renterisiko, men Skjåk kommune har tent mykje på å ha flytande rente over tid. Det er viktig at kommunestyret er klar over og bevisst på risikoen knytt til renteutvikling og samla gjeld.

Etter føresetnadene i budsjettet ser bilde på utvikling av gjeldsgrad slik ut i planperioden;

Millionar kroner	2024	2025	2026	2027
Driftsinntekter (deflatorjusterte med 3 %)	326,9	331,4	341,3	351,6
Gjeld	390,5	399,2	400,0	398,2
Gjeldsgrad	119,5 %	120,5 %	117,2 %	113,2 %
Mål vedtak	104,5 %	103,0 %	101,5 %	100,0 %

I tabellen over er driftsinntektene justerte med ein deflator på 3 % kvart år i perioden 2025 - 2027.

Til tross for svært store investeringar ligg ikkje kommunen høgt over måla med omsyn til gjeldsgrad. Dersom ein skulle halde målet om gjeldsgrad måtte ein ha flytta investeringane framover i tid.

Det er fleire faktorar som spelar inn på gjeldsgraden, både endring i omsetnad, inflasjon, kva investeringar ein gjennomfører, når ei investering vert gjennomført, ekstraordinær nedbetaling, rekalkulereng av investeringar og evne til å eigenfinansiere mindre investeringar.

Gjeldsgraden blir fastsett kvart år ved avslutning av rekneskap og vurdert under arbeidet med økonomiplan.

### Likviditet

Gjennom handlingsregelen har kommunestyret lagt til rette for at vi tek vare på oppbygd likviditet.

Kommunen har i fleire år hatt god likviditet gjennom avsett likviditetsreserve. Likviditetsreserven er svært viktig av fleire grunnar;

- Likviditetsreserven kan vere ein buffer til å saldere budsjett på kort sikt, dersom vi får bråe reduserte inntekter eller uføresett kostnadsauke. Vi har dermed evne til å bruke tid på omstilling og tilpassing til endra rammer.
- Vi har midlar til å dekke opp eit eventuelt underskot på rekneskapen.
- Kommunen tåler å ha lite udisponerte fondsmidlar på ubunde kapitalfond og disposisjonsfond.
- Vi klarer oss utan kostbar kassakreditt, med omsyn til at vi generelt får kostnadars før inntekter.

Sett over ei 10 års periode, så vil Skjåk kommune truleg ha ein omsetnad på godt over 3 milliardar kroner med dagens kroneverdi og driftsnivå. I eit slik perspektiv utgjer likviditetsreserven berre om lag 0,7 %, men den er svært viktig med omsyn til å ha evne til å saldere budsjettet på kort sikt og dekke opp eventuelle underskot på rekneskapen. Det er viktig at kommunen tek vare på, og ikkje byrjar å trekke på likviditetsreserven. Det er svært utfordrande å byggje opp ei ny likviditetsreserve.

Forventa likviditetsreserve er for tida 23,739 millionar kroner og utgjer 7,3 % i høve til brutto driftsutgifter. Handlingsregel på 8,33 % utgjer vel 26,9 millionar kroner. Likviditetsreserven er under målet, men likevel på eit godt nivå, samanlikna med andre kommunar.

Det er ikkje budsjettert med avsetting til likviditetsreserve for å nå målet, men det vart avsett midlar i 2023.

### Handlingsrom

Det må arbeidast for å nå eit korrigert netto driftsresultat på 3 % for å betre investeringsevne og auke handlingsrom. Når investeringar vert gjennomført må vurderast i lys av gjeldsgrad og korrigert netto driftsresultat.

Tilpassingar og justering av driftsnivået er heile tida naudsynt for sikre godt nok handlingsrom til nye satsingar og riktig driftsnivå i høve til endringar i innbyggjarane sine behov. Det er også hensiktsmessig å samanlikne driftsnivå med andre kommunar, og ikkje minst KOSTRA-gruppe 5.

---

Inntekter frå konsesjonskraft og eventuelt utbytte kan gje noko ekstrainntekter når straumprisen er høg over tid. Avvik i ressursbruk i tenestene, endra ressursbehov, endra rentenivå, reguleringspremie pensjon, tilbakeføring frå pensjonskassene, lønsoppgjer, utvikling i kraftinntekter og overføringer frå staten er viktige faktorar for utviklinga i handlingsrommet.

Handlingsrommet er også forankra i evne til å tilpasse seg endra behov og vilje til å tenke nytt for å utvikle tenestene. Kommunen har tilfredsstillande handlingsrom først når vi klarer eit korrigert netto driftsresultat på 3 % av omsetnaden.

## Rammebetingelsar

### Hovudoversikt

	Rekneskap 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027
<b>Driftsinntekter</b>						
1 Rammetilskudd	90 366 550	93 810 000	105 438 000	105 438 000	105 438 000	105 438 000
2 Inntekts- og formuesskatt	59 239 268	55 577 000	59 472 000	59 472 000	59 472 000	59 472 000
3 Eiendomsskatt	17 003 784	16 300 000	18 000 000	18 000 000	18 000 000	18 000 000
4 Andre skatteinntekter	20 473 556	20 240 000	20 410 000	20 410 000	20 410 000	20 410 000
5 Andre overføringer og tilskudd fra staten	9 415 780	11 388 000	17 564 000	12 216 000	12 216 000	12 216 000
6 Overføringer og tilskudd fra andre	42 694 772	39 977 000	48 496 000	48 496 000	48 496 000	48 496 000
7 Brukerbetalinger	9 150 660	10 250 000	9 680 000	9 680 000	9 680 000	9 680 000
8 Salgs- og leieinntekter	61 894 624	39 628 000	47 802 000	48 018 000	48 039 000	48 090 000
9 Sum driftsinntekter	310 238 994	287 170 000	326 862 000	321 730 000	321 751 000	321 802 000
<b>Driftsutgifter</b>						
10 Lønnsutgifter	140 103 854	148 828 000	166 903 000	166 153 000	166 403 000	166 653 000
11 Sosiale utgifter	34 372 887	22 823 000	42 385 000	36 239 000	36 838 000	34 584 000
12 Kjøp av varer og tjenester	70 281 604	69 259 000	73 234 000	73 359 000	73 322 000	73 346 000
13 Overføringer og tilskudd til andre	29 178 938	33 392 000	23 769 000	22 069 000	22 069 000	22 069 000
14 Avskrivninger	14 852 659	15 241 000	16 768 000	16 768 000	16 768 000	16 768 000
15 Sum driftsutgifter	288 789 941	289 543 000	323 059 000	314 588 000	315 400 000	313 420 000
16 Brutto driftsresultat	21 449 053	-2 373 000	3 803 000	7 142 000	6 351 000	8 382 000
<b>Finansinntekter</b>						
17 Renteinntekter	7 379 216	11 100 000	12 870 000	12 200 000	10 770 000	10 590 000
18 Utbytter	3 613 032	2 000 000	3 000 000	3 000 000	3 000 000	3 000 000
19 Gevinster og tap på finansielle omløpsn	0	0	0	0	0	0
20 Renteutgifter	6 048 621	14 106 000	18 624 000	19 316 000	17 167 000	16 956 000
21 Avdrag på lån	11 244 302	13 480 000	15 224 000	16 807 000	17 441 000	18 107 000
22 Netto finansutgifter	-6 300 675	-14 486 000	-17 978 000	-20 923 000	-20 838 000	-21 473 000
23 Motpost avskrivninger	14 852 659	15 241 000	16 768 000	16 768 000	16 768 000	16 768 000
24 Netto driftsresultat	30 001 037	-1 618 000	2 593 000	2 987 000	2 281 000	3 677 000
Netto driftsresultat i % av omsetnad	9,7 %	-0,6 %	0,8 %	0,9 %	0,7 %	1,1 %
<i>Netto premieavvik pensjon</i>	<i>4 806 700</i>	<i>-13 093 000</i>	<i>5 714 000</i>	<i>-226 000</i>	<i>305 000</i>	<i>-2 019 000</i>
<i>Korrigert netto driftsresultat for premieavvi</i>	<i>34 807 737</i>	<i>-14 711 000</i>	<i>8 307 000</i>	<i>2 761 000</i>	<i>2 586 000</i>	<i>1 658 000</i>
<i>Korr. netto driftsres. i % av omsetnad</i>	<i>11,2 %</i>	<i>-5,1 %</i>	<i>2,5 %</i>	<i>0,9 %</i>	<i>0,8 %</i>	<i>0,5 %</i>
<b>Disp. eller dekning av netto driftsresultat:</b>						
25 Overføring til investering	13 869 073	24 795 000	750 000	750 000	750 000	750 000
26 Avsetninger til bundne driftsfond	18 755 052	31 067 000	20 259 000	20 485 000	20 180 000	22 199 000
27 Bruk av bundne driftsfond	-24 741 325	-23 452 000	-25 735 000	-20 021 000	-20 247 000	-19 942 000
28 Avsetninger til disposisjonsfond	35 138 152	3 700 000	8 119 000	2 573 000	2 398 000	1 470 000
29 Bruk av disposisjonsfond	-13 019 915	-37 728 000	-800 000	-800 000	-800 000	-800 000
30 Dekning av tidligere års merforbruk	0	0	0	0	0	0
31 Sum disponeringer eller dekning av nett	30 001 037	-1 618 000	2 593 000	2 987 000	2 281 000	3 677 000
32 Fremført til inndekning i senere år (mer)	0	0	0	0	0	0

Korrigert netto driftsresultat er budsjettert til 2,5 %. Resultatet ville vore 1,2 % dersom det ikkje hadde blitt budsjettert med meirinntekter knytt til flyktningprosjekt. Målet på korrigert netto driftsresultat er tidlegare sett til 2,5 % i 2024. I planperioden fram til 2027 kan resultatet betrast først og fremst dersom ein gjennomfører tilpassing av kostnader, for å nå resultatmålet på 3 %. Elles har reguleringspremie pensjon, rentenivå og konsesjonskraftinntekter til kvar tid stor innverknad på den økonomiske situasjonen til kommunen.

Flyktningbudsjettet er svært usikkert, men dette blir uansett ført i balanse mot fondsavsettingar. Normalt får ein integreringstilskot i forkant av utgiftene. Posten "Andre overføringar og tilskot frå staten" inneholder integreringstilskot flyktningar.

Overføringar og tilskot frå andre aukar på grunn av utvida samarbeid med Lom kommune, der dei største refusjonspostane som medfører endring er knytt til samarbeid Helsestasjon, vaksenopplæring, oppvekststøtte og digitaliseringssstilling. I tillegg er det stor auke knytt til øyremarka tilskot ressurskrevjande.

Sal- og leigeinntekter har variert dei siste åra, ikkje minst på grunn av konsesjonskraft.

Skjåk kommune fekk god utteljing på statsbudsjettet med ei samla auke i frie inntekter på 7,7 %, og dette blir gjenspeilt i rammeoverføringar og skatt på inntekt og formue.

Løn og sosiale kostnadene er kommentert under eige punkt.

Det er store endringer på finanspostar, som følgje av renteauke og nye avdrag knytt til større investeringar.

## Rammer

Rammene til tenestene går fram av tabell;

	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027	Budsjett 2023	Rekneskap 2022
100 KOMMUNEDIREKTØR	9 113 000	9 113 000	9 113 000	9 113 000	8 280 000	8 163 893
103 PERSONAL OG ORGANISASJONSUTVIK	3 170 000	3 170 000	3 170 000	3 170 000	2 964 000	2 775 141
104 ØKONOMI	4 594 000	4 594 000	4 594 000	4 594 000	4 179 000	3 289 460
200 OPPVEKST OG UTDANNING	20 223 000	19 585 000	19 585 000	19 585 000	17 287 000	17 671 856
201 FLYKTNINGAR	7 183 000	7 183 000	7 183 000	7 183 000	6 253 000	2 152 079
211 DØNFOSS BARNEHAGE	4 760 000	4 760 000	4 760 000	4 760 000	5 288 000	4 471 366
213 BISMO BARNEHAGE	12 930 000	12 930 000	12 930 000	12 930 000	11 344 000	9 426 208
220 SKJÅK BARNE OG UNGDOMSKULE	26 998 000	26 359 000	26 359 000	26 359 000	24 562 000	25 172 600
240 KULTURSKULE	2 146 000	2 146 000	2 146 000	2 146 000	2 191 000	1 722 566
300 HELSE OG OMSORG	4 168 000	4 168 000	4 168 000	4 168 000	4 293 000	4 209 234
310 INSTITUSJON OG HEIMESJUKEPLEIE	39 613 000	39 933 000	40 251 000	40 571 000	38 717 000	36 589 849
320 HEIMETENESTER TIL FUNKSJONSHEMM	17 175 000	17 175 000	17 175 000	17 175 000	17 249 000	15 096 032
330 HELSETASJON	2 779 000	2 779 000	2 779 000	2 779 000	3 195 000	2 229 655
331 NAV	3 543 000	3 543 000	3 543 000	3 543 000	3 241 000	2 638 361
332 BARNEVERN	5 805 000	5 805 000	5 805 000	5 805 000	3 401 000	3 742 607
350 HELSETENESTER	13 307 000	13 307 000	13 307 000	13 307 000	13 144 000	12 997 941
400 MILJØ OG SAMFUNNSUTVIKLING	11 073 000	9 373 000	9 373 000	9 373 000	8 894 000	8 508 959
410 KULTUR	1 588 000	1 588 000	1 588 000	1 588 000	1 612 000	1 273 405
420 TEKNISK VAR	5 988 000	5 730 000	5 786 000	5 726 000	5 454 000	4 864 158
430 TEKNISK DRIFT	28 335 000	28 503 000	28 389 000	28 422 000	26 697 000	25 685 640
450 LANDBRUK OG NÆRING	226 000	226 000	226 000	226 000	474 000	342 833
600 FINANS OG OVERFØRINGAR	-224 717 000	-221 970 000	-222 230 000	-222 523 000	-208 719 000	-193 023 843
<b>TOTALT</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
Kommunedirektør og stab	16 877 000	16 877 000	16 877 000	16 877 000	15 423 000	14 228 494
Oppvekst og utdanning	74 240 000	72 963 000	72 963 000	72 963 000	66 925 000	60 616 674
Helse og omsorg	86 390 000	86 710 000	87 028 000	87 348 000	83 240 000	77 503 679
Miljø og samfunnsutvikling	47 210 000	45 420 000	45 362 000	45 335 000	43 131 000	40 674 996
Finans og overføringer	-224 717 000	-221 970 000	-222 230 000	-222 523 000	-208 719 000	-193 023 843
<b>Totalt</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

- Høg lønsauke i 2023 får heilårsverknad i 2024, og i tillegg er det budsjettert med lønsauke fra 1. mai 2024.
- Flyktningbudsjettet er usikkert, men blir ført i balanse på prosjekt 900 mot fond.
- Budsjettet på Teknisk aukar over tid på grunn av auka avskrivingar.
- Landbruk og næring er finansiert fra næringsfondet.
- Behovet for ressursar ut frå bemanningsnorm har auka i barnehagen.
- Kostnadene knyttet til Barnevern har auka.

Elles er endring i bruk av ressursar på enkelte ansvarsområde omtala under kommunalsjefane sine område.

## Løn og pensjon

Budsjett for løn og pensjon;

	Rekneskap 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027
Lønnsutgifter	140 103 854	148 828 000	166 903 000	166 153 000	166 403 000	166 653 000
Sosiale utgifter	34 372 887	22 823 000	42 385 000	36 239 000	36 838 000	34 584 000

I 2024 vart det eit svært høgt lønsoppgjør og dette får heilårsverknad i 2024. Lønsauke frå 1. mai 2024 er estimert til 4,5 %. Utvidaressursar til flyktningsteneste og samarbeid med Lom aukar isolert sett lønsutgiftene. Auke i ressurskrevjande brukarar genererer også meir lønskostnad. Elles er endringa i lønsutgiftene kommentert av kommunalsjefane for kvar sektor i eige kapittel.

Sosiale kostnad per art;

	Rekneskap 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027
1090 PENSJONSINNSKOT KLP	21 917 170	31 233 000	24 546 000	24 411 000	24 456 000	24 501 000
1091 PENSJONSINNSKOT SPK	1 560 233	2 024 000	1 994 000	1 994 000	1 994 000	1 994 000
1092 ULYKKE- OG GRUPPELIVSFORSIKRING	257 809	319 000	373 000	372 000	372 000	373 000
1093 AVTALEFESTA PENSJON - KLP	1 674 747	1 813 000	2 158 000	2 146 000	2 150 000	2 154 000
1095 AFP - EGENANDEL	1 227 362	0	0	0	0	0
1096 OVERFØRING FRÅ PREMIEFOND	-6 580 568	-10 000 000	-4 232 000	-4 232 000	-4 232 000	-4 232 000
1097 PREMIEAVVIKET	4 517 575	-12 306 000	5 370 000	-212 000	286 000	-1 897 000
1098 ARB G AVG AV PREMIEAVVIKET	289 125	-787 000	344 000	-14 000	19 000	-122 000
1099 ARBEIDSGJEVARAVGIFT	9 509 435	10 527 000	11 832 000	11 774 000	11 793 000	11 813 000
TOTALT	34 372 887	22 823 000	42 385 000	36 239 000	36 838 000	34 584 000

I 2024 er det høge sosiale kostnadene til tross for moderat reguleringspremie pensjon. Dette skuldast attendeføring av teknisk premieavvik og lågare tilbakeføring frå premiefond.

2023 er netto kostnadene låge, til tross for høg reguleringspremie pensjon. Dette skuldast høgt budsjettet premieavvik og ekstra overføring frå premiefond. Etter siste prognose vil det faktiske premieavviket bli langt lågare enn budsjettet i 2023, på grunn av uttak frå premiereserve for å dekke høg reguleringspremie.

Pensjonskostnadene er i tabellen over forholdsvis like kvart år framover, på grunn av at vi må bruke like formlar på arten 1090 – 1093, samt 1099. Det er først og fremst teknisk premieavvik som varierer.

Premieavviket<sup>1</sup> medfører ikkje kontanttransaksjonar, men må førast slik myndighetene har bestemt. Premieavvik blir inntektsført, avsett og ført motsett veg neste år. Føringane går i 0 over 2 år, men påverkar

<sup>1</sup> Premieavvik er teknisk føring av differansen mellom innbetalt premie med frådrag for berekna pensjonskostnad i pensjonskassene og går i 0 over 2 år.

netto driftsresultat det einskilde år. Premieavviket påverkar dei sosiale kostnadene og netto driftsresultat, men blir utjamna mot fondsføring, slik at dei normalt ikkje påverkar budsjettbalansen.

### Kraftinntekter

Skjåk kommune får årlege kraftinntekter som styrkar driftsnivået, og gjev fast inntekt til næringsfondet.

Oppstilling av kraftinntektene er som fylgjer;

	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027	Budsjett 2023	Rekneskap 2022
KONSESJONSAVGIFT	-8 410 000	-8 410 000	-8 410 000	-8 410 000	-8 240 000	-8 412 936
KONSESJONSKRAFT	-18 000 000	-18 000 000	-18 000 000	-18 000 000	-11 595 000	-29 267 929
EIGEDOMSSKATT	-18 000 000	-18 000 000	-18 000 000	-18 000 000	-16 300 000	-17 003 784
NATURRESURSSKATT	-12 000 000	-12 000 000	-12 000 000	-12 000 000	-12 000 000	-12 060 620
RENTER AVTALEKRAFT SKJÅK ENER	-4 200 000	-4 100 000	-4 000 000	-3 900 000	-3 000 000	-2 857 292
UTBYTTE FRÅ SELSKAP	-3 000 000	-3 000 000	-3 000 000	-3 000 000	-2 000 000	-3 613 032
AVDRAG PÅ ANDRE UTLÅN	-2 000 000	-2 000 000	-2 000 000	-2 000 000	-2 000 000	-2 000 000
SUM	-65 610 000	-65 510 000	-65 410 000	-65 310 000	-55 135 000	-75 215 592

- Skjåk kommune betaler avdrag og renter på lån knytt 7 % eigardel i Øvre Otta, som kjem til frådrag i inntektene.
- Skjåk Vasskraft betaler avdrag og renter til kommunen knytt til eigardel i Øvre Otta.
- På konsesjonskraft har det vore stor variasjon i inntekter dei siste åra.
- Inntekter frå naturressursskatt medfører at rammeoverføringane blir redusert gjennom inntektsutjamninga.
- Kommunen har ikkje motteke eigedomskattelister på kraftanlegg, og inntektsanslag er usikkert.
- Konsesjonsavgift gjev fast inntekt til næringsfondet.

## Investeringar

### Samleoversikt

Investeringer bruttokostnad	Nr	Ans	Ten	Pro	2024	2025	2026	2027	2027>(Vent)
Regiondata	1	200	1205	115	400 000	400 000	400 000	400 000	
Velferdsteknologi	2	310	2531	518	100 000	750 000	750 000	750 000	
Bilpark	3	310	2543	298	1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000	
Hjertestartar	4	350	2411	215	130 000				
Reguleringsplan mm bismo industriområde	5	400	3261	624		1 000 000			
Flaumsikring eigendel Bismo	6	400	3609	850	19 638 000				
Infrastruktur VA og veg Øyberget næringsområde	7	420	3261	235	1 000 000				
Tiltak etter vedtak hovedplan veg	8	420	3331	463		3 300 000	650 000	1 000 000	
Tiltak etter hovedplan vatn og avløp	9	420	3401	416	500 000	1 000 000	1 300 000		
Bismo leidningsnett, reint vatn	10	420	3451	413		1 500 000			
Aurmo leidningsnett, reint vatn	11	420	3452	414		1 000 000			
Marlo renseanl prosjektering pga utbygging	12	420	3505	289	3 000 000				
Grotli renseanlegg utbetring	13	420	3506	461		2 000 000			
Bismo Leidningsnett, avløp	14	420	3531	413		1 500 000			
Aurmo Leidningsnett, avløp	15	420	3532	414		1 000 000			
ENØK (besparelser i drift)	16	430	1300	186	750 000	750 000	750 000	750 000	
Administrasjonsbygg ventilasjon, radon	17	430	1300	283	4 000 000				
Skjåk barnehage	18	430	2213	778	500 000		25 000 000	25 000 000	
Formingsavdeling skulen, ombygging utstyr	19	430	2220	288				650 000	
Rekrutteringsbustader	20	430	2650	450		4 500 000			
Butilbod rus / spykiatri / Bismotunet	21	430	2651	200				14 000 000	
Skjåkheimen ombygging 12 SJH til 6 OMS	22	430	2653	214		10 000 000			
Skjåkheimen Demenstun 8 bustadar	23	430	2653	401				25 000 000	
Rassikring Skei boliger*	24	430	3155	410	5 000 000				
Røde kors makeskifte / arbeidretta tiltak	25	430	3350	331	1 000 000				
WC Bismo sentrum	26	430	3350	411	1 500 000				
Rassikring Skei VA (høgdebasseng)*	27	430	3401	416	2 000 000				
Skjåkhallen, inkludert nytt gulv	28	430	3810	420	79 000 000			40 000 000	
Nytt tak Skjåkhallen (i samband med entreprisa)*	29	430	3810	420	1 200 000				
Eigenkapitalinnskot KLP	30	600	1720	615	750 000	750 000	750 000	750 000	
<b>Sum totalt</b>					121 468 000	30 450 000	30 600 000	30 300 000	79 000 000
<b>Sum samla alle 4 år</b>								212 818 000	291 818 000

Investeringer finansiering	Nr	Ans	Ten	Pro	2024	2025	2026	2027	2027>(Vent)
Tilskot					6 525 000				17 550 000
Mva komp					22 263 000	3 200 000	5 300 000	5 430 000	19 750 000
Drift (eventuelt også disposisjonsfond)					750 000	750 000	750 000	750 000	
Lån					95 000 000	19 000 000	20 000 000	18 000 000	41 700 000
Ubunde driftsfond					3 455 000	975 000	4 550 000	6 120 000	
<b>Sum totalt</b>					121 468 000	30 450 000	30 600 000	30 300 000	79 000 000

Det er lagt opp til felles låneopptak på investeringane i 2024 på 95 millionar kroner. Investeringar som ikkje er fullførte blir eventuelt rebudsjetterte i eiga sak.

### Hovudoversikt investering

	Rekneskap 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027
<b>Bevilgningsoversikt - invest. (budsjett)</b>						
1 Investeringer i varige driftsmidler	18 230 312	148 920 000	120 718 000	29 700 000	29 850 000	29 550 000
2 Tilskudd til andres investeringer	150 381	0	0	0	0	0
3 Investeringer i aksjer og andeler i selskap	658 717	700 000	750 000	750 000	750 000	750 000
4 Utlån av egne midler	0	0	0	0	0	0
5 Avdrag på lån	0	0	0	0	0	0
<b>6 Sum investeringsutgifter</b>	<b>19 039 410</b>	<b>149 620 000</b>	<b>121 468 000</b>	<b>30 450 000</b>	<b>30 600 000</b>	<b>30 300 000</b>
7 Kompensasjon for merverdiavgift	1 368 955	22 940 000	22 263 000	3 200 000	5 300 000	5 430 000
8 Tilskudd fra andre	310 316	3 900 000	0	6 525 000	0	0
9 Salg av varige driftsmidler	416 274	0	0	0	0	0
10 Salg av finansielle anleggsmidler	0	0	0	0	0	0
11 Utdeling fra selskaper	0	0	0	0	0	0
12 Mottatte avdrag på utlån av egne midler	0	0	0	0	0	0
<b>13 Bruk av lån</b>	<b>2 999 667</b>	<b>88 100 000</b>	<b>95 000 000</b>	<b>19 000 000</b>	<b>20 000 000</b>	<b>18 000 000</b>
<b>14 Sum investeringsinntekter</b>	<b>5 095 212</b>	<b>114 940 000</b>	<b>117 263 000</b>	<b>28 725 000</b>	<b>25 300 000</b>	<b>23 430 000</b>
15 Videreutlån	2 020 675	0	4 000 000	4 000 000	4 000 000	4 000 000
16 Bruk av lån til videreutlån	2 020 675	0	4 000 000	4 000 000	4 000 000	4 000 000
17 Avdrag på lån til videreutlån	1 385 378	1 550 000	1 600 000	1 650 000	1 650 000	1 650 000
<b>18 Mottatte avdrag på videreutlån</b>	<b>1 898 961</b>	<b>1 550 000</b>	<b>1 600 000</b>	<b>1 650 000</b>	<b>1 650 000</b>	<b>1 650 000</b>
<b>19 Netto utgifter videreutlån</b>	<b>-513 583</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
20 Overføring fra drift	-13 869 073	-24 795 000	-750 000	-750 000	-750 000	-750 000
21 Avsetninger til bundne investeringsfond	22 115	0	0	0	0	0
22 Bruk av ubundet investeringsfond	-319 460	0	0	0	0	0
23 Avsetninger til ubundet investeringsfond	5 463 791	16 000 000	0	0	0	0
24 Bruk av ubundet investeringsfond	-4 727 987	-25 885 000	-3 455 000	-975 000	-4 550 000	-6 120 000
25 Dekning av tidligere års udekket beløp	0	0	0	0	0	0
<b>26 Sum overføring fra drift og netto avsetni</b>	<b>-13 430 615</b>	<b>-34 680 000</b>	<b>-4 205 000</b>	<b>-1 725 000</b>	<b>-5 300 000</b>	<b>-6 870 000</b>
<b>27 Fremført til inndekning i senere år(udek)</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

### Balansepstar

#### Eigedomar og anlegg

Skjåk kommune har over tid bygd nye og teke godt vare på sine anlegg. Kommunen har ei stor og funksjonell bygningsmasse, langt betre enn kommunar som er vesentleg større enn oss. Dei siste åra har det vore gjennomført fleire store investeringar, som har auka kvalitet på bygningsmassen.

Skjåkhallen, flaumsikring og ny barnhage er store løft for Skjåk kommune framover. Det er også behov for mange opprustingar innanfor vatn og avløp.

#### Fond

I 2023 er det løyvd mykje midlar frå disposisjonsfond og næringsfond. Næringsfondet har fast årleg innkomst. Skjåk kommune har reserver knytt til likviditetsfond, premiefond og kraftfond.

Det blir lagt fram full oversikt over fonda både samla og på detaljert nivå, når rekneskapen for 2023 blir lagt fram.

### Arbeidskapital

Arbeidskapitalen omfattar omløpsmidlar som bankinnskot, fordringar og premieavvik, med frådrag for kortsiktig gjeld og ubrukte lånemidlar. Dette tilsvavar likviditetsreserve og fond. Kommunen sin arbeidskapital har utvikla seg slik dei siste 5 åra;

Kortsiktig eigenkapital - arbeidskapital	2022	2021	2020	2019	2018
Omløpsmidler	184 102 499	164 754 840	134 663 488	131 103 361	122 465 033
Kortsiktig gjeld	-29 050 289	-29 252 710	-32 535 550	-36 105 535	-33 936 481
Ubrukte lånemidlar	-24 145 524	-21 165 866	-6 433 771	-9 447 457	-19 795 938
Arbeidskapital aktiva	130 906 685	114 336 264	95 694 167	85 550 369	68 732 613
Likviditetsreserve	-20 539 000	-19 539 000	-19 539 000	-18 139 000	-17 439 000
Fondsmidlar	-110 367 685	-94 797 264	-76 155 167	-56 283 914	-48 174 041
Rekneskapsmessig overskot/ underskot				-11 127 454	-3 119 572
Disponible midlar passiva	-130 906 685	-114 336 264	-95 694 167	-85 550 369	-68 732 613

Skjåk kommune har hatt god arbeidskapital over tid, både på grunn av mykje fondsmidlar og høg likviditetsreserve. Arbeidskapitalen har styrka seg dei siste åra. Det er brukt mykje fondsmidlar i 2023, som isolert sett reduserer arbeidskapitalen. Likviditetsreserven har auka. Det blir ny oppdatering for 2023 når rekneskapen blir avglagt.

### Framtidsutsikter økonomi

Skjåk kommune er på mange måtar godt budd på framtida med solide anlegg, høge kraftinntekter og høgt driftsnivå på tenestene.

Det er viktig at vi arbeider for å betre korrigert netto driftsresultat til 3 % av omsetnaden, slik at vi betrar investeringsevne og handlingsrom. Til tross for store investeringar, så klarer kommunen å oppretthalde høgt nivå på tenestene. Kraftinntektene vil variere, men over tid vil kommunen truleg få gode inntekter frå konsesjonskraft og eigedomsskatt. Reguleringspremie pensjon varierer og rentene har auka. Stabile konsesjonsavgifter sikrar årleg tilgang til midlar på næringsfondet.

Utfordringane framover er knytt til å gjennomføre driftstilpassingar etter endring i innbyggjarane sine behov. Vi skal ha gode tenester med høgt nivå i Skjåk, men samtidig må vi arbeide for effektiv og fornuftig ressursbruk til kvar tid. Det er naudsynt med god planlegging for å betre korrigert netto driftsresultat og halde gjelda på eit nivå, som etter kvart nærmar seg handlingsregelen.

Skjåk kommune gjennomfører store investeringar knytt til Skjåkhallen og flaumsikring. Det er ynskje om mange investeringar, slik det går fram av investeringsoversikt. Vi må til kvar tid vurdere når vi har økonomi til å gjennomføre aktuelle investeringar.

Vidare er det viktig at kommunen arbeider for halde seg til handlingsreglane, da disse fastset lånegjelda på eit høgt nivå og netto driftsresultat korrigert for premieavvik på eit lågt nivå.

Skjåk kommune har jamt over høgt nivå på sine anlegg og økonomiske buffer i form av likviditetsreserve, premiefond og kraftfond, og har slikt sett i solid økonomisk stilling. Tilsette og politikarar må være merksam på budsjetttrisikoene, særleg knytt til variasjonar i konsesjonskraftinntekter, reguleringspremie og rentenivå.

## MEDARBEIDARAR

### Hovudmålsettingar

Personalet er kommunen sin viktigaste ressurs. Målet for personalpolitikken er å rekruttere, halde på og vidareutvikle arbeidstakarane. Dette for at kommunen som organisasjon skal drivast på ein effektiv måte og gje best mogleg tenestetilbod til kommunen sine innbyggjarar.

Personalpolitikken skal leggast opp med sikte på høg grad av trivsel for å oppnå optimal utnytting av personalressursane.

Kommunen sine medarbeidarar skal vere løysingsorienterte. Leiarane skal oppmuntre til sjølvstende og i stor grad delegera mynde. Leiinga skal også oppmuntre til nytenking og toleranse.

Kommunen har vedteke etiske retningsliner som skal bidra til bevisstgjering av medarbeidarar og politikarar som utfører arbeid eller oppdrag for kommunen. Våre haldningar påverkar den tilliten som innbyggjarane skal ha til kommunen, og vi har alle eit personleg ansvar for korleis vi oppfører oss. Ein open kultur for å samtale om etiske spørsmål og dilemma er nødvendig for å utvikle eit godt etisk og fagleg skjønn.

### Arbeidstid og heiltidskultur

I omgrepet «heiltidskultur» ligg det ein intensjon om at det er heiltid som skal vera utgangspunktet og norma – deltid er unnataket. I gjeldande hovudtariffavtale er dette nedfelt i kapittel 1. Skjåk kommune har dei siste åra arbeidd aktivt i lag med dei tillitsvalde for å redusere ufrivillig deltid og etablere ein heiltidkultur.

Ved tilsetting i nye stillingar ser arbeidsgjevar i lag med dei tillitsvalde om det kan vere fortrinnsberettiga i forhold til reglane i Arbeidsmiljølova. Som det går fram av lova i § 14-3 har deltidstilsette fortrinnsrett til utvida stilling framfor at arbeidsgjevar fortek ny tilsetting. Deltidstilsette som siste 12 månader jamleg har arbeidd utover avtalt arbeidstid kan også ha rett på utvida stilling.

Det vert ved alle utlysingar av ledige stillingar vurdert korleis ein kan få til størst mogleg stillingsstorlek, m.a. ved å slå saman fleire mindre stillingar. Deltidsstillingar er ikkje gunstig for korkje drifta, brukarane, arbeidsgjevar eller arbeidstakar. Det vil likevel vere slik at nokre tilsette grunna helseutfordringar eller familiesituasjon i periodar ynskjer å arbeide deltid.

## Fråvær

Skjåk kommune er ei IA-kommune som jobbar målretta for å redusere sjukefråvær blant sine tilsette og styrke arbeidet med tilrettelegging, både for å unngå sjukemeldingar, og for å lette attendeføring av sjukemeldte til jobb.

Skjåk kommune hadde eit stabilt og lågt sjukefråvær i åra før pandemien. I 2020 fekk vi ei kraftig auke i fråværet opp til 10,2 %. Vi hadde ein nedgang i fråværet i 2021, men ei ny auke att i 2022. Gjennom året 2022 var det tiltak på både på system- og individnivå, og vi såg at fråværet gjekk ned gjennom året. Det har også vore nedgang i fråværet i 2023.

Kommunen har ein eigen plan for tenester frå bedriftshelsetenesta. Gjennom tiltak vi har jobba med som IA-kommune over fleire år er målsettinga å vere ein meir inkluderande arbeidsplass der overordna mål er å førebyggje og redusere sjukefråvær, styrke jobbnærværet og betre arbeidsmiljøet, samt hindre utstøyting og fråfall frå arbeidslivet. Leiarane er viktige både i førebygging og oppfølging av sjukmeldte. Sjukefråvær er fast tema på møte i arbeidsmiljøutvalet. Sjukefråværssarbeid og nærværssarbeid er også tema på møte og ulike opplegg med leiarar, tillitsvalde og verneombod gjennom året.

Samla fråvær frå 2018-2022:

2022	2021	2020	2019	2018
9,3 %	8,7%	10,2%	6,1%	6,2%

Det er sett eit mål for kommunen sitt samla sjukefråvær på 6 %. Dette er noko vi må arbeide vidare med framover, slik at vi kjem ned mot nivået vi hadde før pandemien. Ved utgangen av september 2023 låg fråværet på 7,7 %, noko som er ein nedgang sett opp mot åra etter pandemien.

Forsking viser at det ikkje er enkle faktorar som forklarar sjukefråvær. Dette er eit samspel mellom arbeidstakar, leiar, lege og NAV, og det vil kunne vere både private og arbeidsplassrelaterte grunngjevingar. Likevel vil sjukefråvær koste samfunnet og arbeidsplassen store summar kvart år. Det er viktig å presisere at folk må kunne vere sjuke og få ei adekvat medisinsk behandling, og at dei er sjukmeldte som ein del av det.

## Kompetanseutvikling og rekruttering

Skjåk kommune arbeider med kompetanseplanlegging i forhold til kompetansebehovet i tenestene og behovet for kompetanseutvikling/rekruttering på stutt og lengre sikt. Rekruttering og kompetansetiltak blir ofte lite målretta og tilfeldig, dersom ein ikkje vurderer dette systematisk ut frå oppgåver og behov for

---

kompetanse i tenestene. Administrasjon og leiarar i kommunen har difor fokus på tiltak både på stutt og lengre sikt. Kompetanseutval med administrasjon og hovudtillitsvalde handsamar søknadar frå tilsette som søker om støtte til utdanning. Ein del utdanningar på ulike område, (gjeld til dømes kompetanse for kvalitet for lærarar), har eigne reglar for ekstern finansiering.

I ein del tilfelle er det aktuelt å legge til rette for intern kompetanseheving innan, eller på tvers av, tenesteområda. Samarbeid på tvers av kommunegrenser kan også legge til rette for kompetanseutvikling innan enkelte område. Den digitale utviklinga gjer at det etter kvart er enklare å fylgje opplæring og undervisning over nettet. Dette er ofte rimelegare og krev mindre reising enn tradisjonelle opplegg. E-læring gjev nye moglegheiter for kompetanseheving innan mange felt. Vi har fått mange nyttige erfaringar gjennom pandemien. Vi har vorte flinkare til å nytte digitale løysingar, og dette er noko vi vil ha med oss også i kompetanseplanlegging framover.

### Lærlingar

Tilrettelegging av tilbod til lærlingar, og tilrettelegging for å ta imot lærlingar er viktig. Det er mange grunnar for å ta imot lærlingar. Dette er viktig i rekrutteringssamanheng, og kommunen har eit samfunnsansvar for å legge til rette for at ungdom har skuletilbod og kan få fagbrev. Det å ta inn lærlingar er med på å stimulere til kvalitetsutvikling av tenestene våre, og lærlingane er ein viktig ressurs som medarbeidarar i kommunen.


Ved å legge til rette med gode læreplassar i kommunen vil dette vere ein del av omdømmebygging for Skjåk kommune. Ved utgangen av oktober 2023 hadde vi 4 lærlingar. Dette er fordelt på 2 ulike fag, 3 helsefagarbeidarar og 1 institusjonskokk. Skjåk kommune er godkjent lærebedrift i totalt 6 fag, dette er barne- og ungdomsarbeidar, helsefagarbeidar, kontor- og administrasjonsfag, IKT-servicefag, institusjonskokk og dataelektronikkfaget. Vi har ein intensjon om å ta inn totalt 4 nye lærlingar kvart år i økonomiplanperioden, og desse skal vere fordelt på ulike fag. Dei siste åra har vi dessverre registrert ein nedgang i talet på søkerar til læreplassar i kommunen.

## PRESENTASJON AV HOVUDOMRÅDE

### Overordna organisasjonskart

Kommunedirektøren, leiar for personal- og organisasjonsutvikling, økonomisjefen og kommunalsjefane utgjer kommunen si øvste administrative leiing, som har eit totalansvar for heile organisasjonen.

Kommunalsjefane har kommunedirektøren sine fullmakter innan sitt tenesteområde.



### Stab

Under området personal- og organisasjonsutvikling er det ein personalkonsulent i full stilling, i tillegg er lærlingane under dette området. Personal- og organisasjonsutvikling vert i mange samanhengar også omtala som HR-området. HR står for Human Resources, eller menneskelege ressursar – «humankapitalen». Vi kan seie at dette er alle aktivitetar som omhandlar planlegging, anskaffing, utvikling og “avvikling” av alle menneskelege ressursar i organisasjonar. Om HR-prosessane vert utført rett og effektivt vil det medverke til utvikling og vekst. Med tydelege og definerte mål, roller og prosedyrar, og oppfølging av desse, aukar sannsynet for at tilsette er engasjerte og leverer optimalt i samsvar med verksemda sine mål.

Arbeidsgjevaransvaret er delegert i lina frå kommunedirektøren til kommunalsjefar og tenesteleiarar («dei utøver kommunedirektørfunksjonen på sine område»), medan personalkonsulent er støttefunksjon for desse. Personalkonsulent skal kvalitetssikre at leiarar i lina handterer arbeidsgjevaransvaret i tråd med lov- og avtaleverk og kommunestyrevedtak.

Det er behov for styrking tilsvarande ei 50 % stilling ved økonomiavdelinga. Grunngjevinga for dette er eit stort arbeidspress over tid, arbeid med KOSTRA analyser, kraftforvaltning, oppdatering etter justeringar i lovverk og rundskriv og arbeid med digital transformasjon.

## Tenesteområde Oppvekst og utdanning



I tillegg deltek kommunen i regionalt samarbeid om PPT (Pedagogisk psykologisk teneste), der Sel kommune er vertskommune.

### KOSTRA

#### *Barnehage*

Utvalgte nøkkeltall for barnehager, etter statistikkvariabel, region og år - 2022	Skjåk	Landet u/Oslo	Innlandet	KOSTRA-gruppe 5
Andel barn 1-2 år i barnehage, i forhold til innbyggere 1-2 år (prosent)	91,9	87,8	88,2	84,8
Andel barn 1-5 år i barnehage, i forhold til innbyggere 1-5 år (prosent)	94,4	93,6	94,1	92,4
Andel barn 3-5 år i barnehage, i forhold til innbyggere 3-5 år (prosent)	96,2	97,3	97,7	97,0
Antall barn korrigert per årsverk til grunnbemanning, alle barnehager (antall)	5,6	5,7	5,5	5,2
Andel barnehagelærere i forhold til grunnbemanning (prosent)	40,5	42,1	44,7	40,5
Andel barn i kommunale barnehager som får spesialpedagogisk hjelp (prosent)	7,1	4,1	2,9	3,4
Netto driftsutgifter barnehager i prosent av kommunens totale netto driftsutgifter (prosent)	10,9	13,7	11,3	10,8
Netto driftsutgifter barnehager, per innbygger 1-5 år (kr)	202.562	187.725	189.735	195.349

Kjelde: KOSTRA/Statistikkbanken 2022

KOSTRA-tala for 2022 syner at 94,4% av barn i alderen 1 – 5 år går i barnehagen. Dette er over både landssnittet og snittet for KOSTRA-gruppe 5. Skjåk har for tida berre kommunale barnehagar, og difor er det ikkje teke med tal for private barnehagar i oversikta over.

Skjåk har ein bemanningsfaktor på 5,6 plassar per årsverk som er omtrent som landsgjennomsnittet, medan KOSTRA-gruppe 5 har 5,2 plassar per årsverk, altså har Skjåk lågare bemanningsfaktor enn samanliknbare kommunar. På same tid er netto driftsutgifter for barnehagar per innbygger 1 – 5 år i Skjåk på kr 202.562 mot kr 187.725 i landet utanom Oslo og kr 195.349 i KOSTRA-gruppe 5. Agenda Kaupang gjekk hausten 2023 gjennom barnehage i sin analyse av økonomi og kvalitet innanfor oppvekst i Skjåk. Dei konkluderer med at sjølv om Skjåk brukar meir pengar på barnehage enn snittet i KOSTRA-gruppe 5, så

kjem dette ikkje av høg bemanning, men av at vi har små barnehagar.

År	Fødselstal
2014	20
2015	17
2016	21
2017	18
2018	17
2019	15
2020	15
2021	20
2022	15

Kjelde: SSB/kommunefakta

I perioden 2014 – 2022 har det vore mellom 15 og 21 fødslar i året. I tillegg har det dei siste åra kome flyktningar med barn i barnehagealder, og vi har elles både til- og fråflytting som spelar inn. Såleis er det svingingar i kor mange barn som treng barnehageplass frå år til år. I Skjåk er det kontinuerleg opptak til barnehagane gjennom heile året, dette er eit gode for barnefamiliar som flyttar til Skjåk. På same tid er det utfordrande med tanke på kapasitet og bemanning, og det gjev endringar i driftskostnadene gjennom året som det er vanskeleg å føresjå når budsjettet blir lagt. Enn så lenge har Skjåk stort sett kunne tilsetje kvalifisert personell ved utlysingar som har skjedd både før barnehageåret startar og gjennom året, men vi ser både på landsbasis og i regionen at dette vil bli vanskelegare i framtida.

Kontinuerleg opptak gjer også at barnehagane må vere fleksible og gjennomføre tilvenningsperiodar i store delar av året. Dette er ressurskrevjande, men barnehagane syner god omstillingsevne og fleksibilitet, og dei legg såleis godt til rette for dei situasjonane som kjem gjennom barnehageåret.

Barnehageåret 2023/2024	Barn	Plassar	Grunnbemanning: barn pr tilsett	Spesialpedagogiske tiltak
Bismo barnehage Haust 2023	40	56	6	0,5 årsverk ped.medhj 0,25 årsverk pedagog
Bismo barnehage Vår 2024	42	60	6	0,5 årsverk ped.medhj 0,25 årsverk pedagog
Avdeling Holemark Haust 2023	20	29	6	0,9 årsverk ped.medhj 0,14 årsverk pedagog
Avdeling Holemark Vår 2024	24	37	6	1,9 årsverk ped.medhj 0,28 årsverk pedagog
Dønfoss natur- barnehage	23	32	6	0,6 årsverk fordelt på 0,1 spesialpedagog og 0,5 ped.,medhj

Ressurs til spesialpedagogikk blir sett i samanheng med behov i heile barnehagen

### Grunnskule

Utvalgte nøkkeltall for grunnskole, etter region, statistikkvariabel og år - 2022	Skjåk	Landet u/Oslo	Innlandet	KOSTRA-gruppe 5
Årstimer til særskilt norskopplæring per elev med særskilt norskopplæring (antall)	111,3	36,4	42,1	48,6
Årstimer til spesialundervisning per elev med spesialundervisning (antall)	129,1	145,1	162,5	160,9
Elever i kommunale og private grunnskoler som får særskilt norsksopplæring (prosent)	2,1	5,3	5,8	5,5
Elever i kommunale og private grunnskoler som får spesialundervisning (prosent)	8,3	7,9	7,4	9,5
Elever på mestringsnivå 3-5, nasjonale prøver i lesing 8.trinn (prosent)	68,8	73,3	73,3	69,4
Elever på mestringsnivå 3-5, nasjonale prøver i regning 8.trinn (prosent)	-	70,5	68,9	67,9
Gruppestørrelse 2 (antall)	12,2	15,6	15,1	13
Gjennomsnittlig grunnskolepoeng (antall)	43,4	43,1	42,9	43
Netto driftsutgifter grunnskolesektor (202), i prosent av samlede netto driftsutgifter (prosent)	18	17,7	16,4	16,8
Netto driftsutgifter til grunnskolesektor (202), per innbygger 6-15 år (kr)	150.822,3	104.713,9	113.561,6	126.531,8


Kjelde: KOSTRA/Statistikkbanken 2022

Om ein startar nedst på tabellen og ser på netto driftsutgifter til grunnskulesektoren ser ein at Skjåk ligg høgare enn både landet utanom Oslo, Innlandet og landet elles. I Agenda Kaupang sin rapport kjem det fram at noko av grunnen til dette kan vere at Skjåk gjennom år har hatt ein praksis med å føre fellesutgifter frå sentraladministrasjonen ut på tenester som skule, barnehage og helse. For 2022 utgjorde dette 2,2 millionar for grunnskule. Praksisen med å føre fellesutgifter på ulike tenester i KOSTRA er noko ulik frå kommune til kommune, men Agenda Kaupang har råda Skjåk til å vurdere å ta bort delar av denne praksisen. Om ein ser bort frå fordelte fellesutgifter har Skjåk likevel noko høgare bemanning enn det ein kan forvente ut frå ein kombinert skule og elevtalet. Dette er kommentert vidare under neste tabell.

Av tabellen ser ein elles at skulen har eit høgt tal på årstimer brukt til særskilt norskopplæring, dette talet må ein sjå opp mot den låge prosenten elevar som får dette tilbodet. De færre elevar og de større spreiening i alder, de vanskelegare er det å få til grupper med særskild norskopplæring.

Når det gjeld spesialundervisning, tala ikkje er høge. Etter Agenda Kaupang sin rapport hausten 2023 veit vi at biletet har endra seg og at biletet nå er annleis, noko ein kan sjå av tabellen på neste side. Det som heller ikkje kjem fram i KOSTRA-tala frå 2022 er eit relativt høgt timetal nytta til pedagogisk medhjelpar (assistent) som er knytt til vedtak om spesialundervisning. Desse er ikkje er erstatning for pedagogar, men eit tillegg til pedagogtimar.

I tabellen under kan ein sjå årsverk per 100 skulelevar for skuleåret 2022/2023 i Skjåk, ulike kommunar det er interessant å samanlikne seg med, samt KOSTRA-gruppe 5. Tala for Skjåk skuleåret 2023/2024 er også med i aller fyrste søyle.



Kjelde: Agenda Kaupang basert på GSI-tal


Agenda Kaupang har ut frå det ein ser over konkludert med at Skjåk har noko høgare ressursbruk enn det ein kan forvente i ein kombinert skule, og at denne er spesielt høg på spesialundervisning og bruk av pedagogisk medhjelpar.

### Bibliotek

Netto driftsutgift til folkebibliotek per innbyggjar (kr)	Skjåk	Landet u/Oslo	Innlandet	KOSTRA-gruppe 5
	1049	324	371	505

Kjelde: KOSTRA/Statistikkbanken 2022

Utlån i 2022:



Kjelde: Statistisk sentralbyrå

I 2022 vart det totalt 11.121 utlånt av fysiske media og 488 utlån av e-bøker. Det var omtrent like mange utlån av barnebøker som det var av voksenbøker. Biblioteket hadde 22 arrangement i 2022, og det var til saman 823 deltakarar på desse, det gjev eit snitt på 37 deltakarar på kvart arrangement.

### Kulturskule

Brutto driftsutgifter til kommunale kulturskoler per elev (kr)	Skjåk	Landet u/Oslo	Innlandet	KOSTRA-gruppe 5
	14924	25766	26863	30798

Kjelde: KOSTRA/Statistikkbanken 2022

At kostnadene per elev er såpass låg som tabellen over syner, kjem av at kulturskulen er mykje brukt slik at kapasiteten er godt utnytta.

Tabellen under syner oversikt over elevar og tilbod. Kjerneprogram er i hovudsak undervisning, breiddeprogram er mini-karusell og karusell kunst. Fordjuping blir gjennomført saman med kommunane i Nord- og Midt-Gudbrandsdalen, og er eit tilbod til elevar som ynskjer meir aktivitet.

	Skjåk	Lom		Skjåk	Lom
Elevar i gr.sk alder	61	61	Elevar på breiddeprogram	13	9
Elevar under gr.sk alder	6	1	Elevar på kjerneprogram	97	90
Elevar over gr.sk alder	5	2	Elevar på fordjuping	0	2
Totalt elevtal	72	64			

## Tenesteområda – stoda og framtida

### *Barnehage*

Det er vedteke at kommunen skal ha to barnehagar i framtida, Dønfoss og Bismo. Holemork skal leggast ned, men blir oppretthalden som eiga avdeling under Bismo barnehage til vi har tilstrekkeleg barnehagekapasitet elles i kommunen. Vi driv framleis ei avdeling i Bismo barnehage i eit modulbygg. I rapporten til Agenda Kaupang er det gjort ei vurdering som seier at det mest truleg vil løne seg å bygge ny barnehage, men at dette må greiast ut vidare.

Vi ser at samordninga og drift av Holemork som avdeling under Bismo barnehage har positiv effekt på fleire område, mellom anna på driftskostnadene. Effekten vil bli enno større om vi får samlokalisert barnehagedrifta på ein stad. Dette kjem også fram i Agenda Kaupang si vurdering.

Barnehagane i 6K er fram til 2026 med i eit prosjekt i samarbeid med Senter for praksisretta utdanningsforskning (SePU) ved Høgskulen i Innlandet. Dette heng tett saman med oppvekstreforma og kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkludering. I fyrste omgang skal ei stor spørjeundersøking blant barn, føresette og tilsette hjelpe oss å avdekke område som vi ynskjer å jobbe vidare med å utvikle.

Mykje tyder på at foreldrebetalinga i barnehagane vil bli halvert frå 1.8.2024. Dette vil bety ei halvering i inntekta til barnehagane, men det kan også bety eit auka trykk på barnehageplassar og såleis auka utgifter. Meirkostnadene ved dette blir kompensert gjennom rammetilskotet til kommunen.

### *Skjåk barne- og ungdomsskule*

I Agenda Kaupang sin rapport om oppvekstsektoren i Skjåk er det føreslege fem tiltak som har innverknad på skulen: Å redusere bemanning ned til eit nivå som er forventa i ein kombinert grunnskule på 190 elevar, reduksjon av fellesutgifter knytt til funksjon 202, etablere møteplassar for samarbeid rundt elevane, implementere førebyggande plan for oppvekst og å fremja felles kultur i skulen. Skulen er godt i gang med å jobbe vidare med alle tiltaka, det er eit mål at kvalitetstiltaka skal hjelpe oss med å nå økonomitiltaka.

Dei siste åra har skulen jobba med å ta ned kostnadene. Løn og sosiale kostnader utgjer i hovudsak budsjettet, og såleis har det vorte færre lærarar ved naturleg avgang. Det har vore satsa på å ha tolærarsystem i basisfaga norsk, matematikk og engelsk i 1. til 4. klasse, men å fase det ut på mellom- og ungdomssteget. På same tid har det kome fleire tilrådingar - og med det enkeltvedtak - om spesialundervisning gjennom heile skuleløpet. Dette har vidare ført til at ein har måtte bruke enno meir ressursar i form av både lærarar og pedagogiske medhjelparar for å imøtekome tilrådingane og vedtaka. Dette har både ført til at ein større del av skulen sine ressursar nå er bunde opp mot spesialundervisning, men også til at sjølv om skulen har jobba for å redusere ressursbruken, så har den heller auka. Rapporten

---

til Agenda Kaupang bevisstgjer oss på ei utvikling vi må arbeide med å snu. Vi ynskjer i så stor grad som mogleg å nå elevane gjennom det ordinære tilbodet der ein heller kan førebygge, legge til rette og tilpasse til det beste for heile elevgruppa både på skulen og i kvar klasse i staden for å reparere kring enkeltelevar.

Dette året har vi mellom anna ein lærar som tek spesialpedagogikk gjennom vidareutdanningsordninga Kompetanse for kvalitet. Det er eit viktig ledd i kompetansehevinga på skulen at vi styrkar dei ulike stega med spesialpedagogar, for på den måten å få spesialpedagogikken inn i allmennpedagogikken - og altså på sikt få ned enkeltvedtak om spesialundervisning. Å styrke både den spesialpedagogiske kompetansen, men også kompetansen på byrjaropplæringa, vil vere ei satsing framover i tråd med Agenda Kaupang sine konklusjonar. Elles har vi dei siste åra arbeidd med tiltak for å sikre eit trygt og godt skolemiljø for alle. Ein del tiltak er førebyggande, men det blir også brukt ressursar i arbeidet med å trygge elevmiljøet der det er utfordringar. Målet framover må også her vera å bruke ressursar på førebygging, altså i tråd med oppvekstreforma og førebyggande plan for oppvekst, samt rapporten frå Agenda Kaupang.

Skulen er på same måte som barnehagane med i prosjektet i samarbeid med SePU. Skulen er også i ferd med å gå gjennom ei omfattande spørjeundersøking, og saman med rapporten frå Agenda Kaupang vil vi altså ha mykje informasjon for å drive vidare kvalitetsutviklende arbeid i skulen.

Skulen har gjennomført betydelege omleggingar til bruk av digitale verktøy, og arbeider framleis med fleire tiltak for å ta i bruk nye digitale hjelpemiddel. Desse skal effektivisere administrative oppgåver, sikre kvalitet og tryggare handtering av dokument og databehandling, samt lette dialog med føresette og andre samarbeidspartar. Oppgåver og utfordringar knytt til IT og IT-system set store krav til kompetanse og tidsbruk ved innføring.

Det er stort behov for å utbetre lokale brukt til praktiske fag som kunst og handverk. Under planlegginga og bygginga av Skjåk barne- og ungdomsskule vart det gjort lite med desse lokala. For å følge opp dei nye fagplanane er det behov for å gjere betydelege utbetringer av lokala.

SFO har fått nye vedtekter og betalingsordning gjeldande frå 01.08.2023. Foreldrebetalinga har gått kraftig ned i samband med at det frå sentralt hald er lagt føringar for at både 1. og 2. klasse frå hausten 2023 skal få tolv timer gratis SFO kvar veke. På same tid har barnetalet auka. Meirkostnadene ved dette skal dekkast over rammeoverføringa til kommunen. For 2022 og 2023 har ikkje ramma til skulen vore auka i tråd med dette, difor kjem det ei auke i ramma til skulen for 2024.

### *Lom og Skjåk kulturskule*

Kulturskulen har søkt og fått deltaking i eit vegleiingsprogram i regi av Norsk kulturskuleråd for åra 2023 og 2024. Utviklingsarbeidet Lom og Skjåk kulturskule har valt å jobbe med knyter seg til oppvekstreforma og korleis kulturskulen kan vere ein viktig del av laget rundt barnet. Kommunal samskaping og samarbeid mellom sektorane er grunnleggande for å få til dette gode laget både på det førebyggande nivået, men også på nivået kring kvart enkelt barn.

### *Flyktingar og vaksenopplæringa*

Skjåk organiserer norskopplæring for framandspråklege for både Lom og Skjåk kommune. Både kommune har teke imot flyktingar både i 2022 og 2023, og det er også planlagt for vidare mottak framover.

Norskopplæringa er lokalisert i Skjåk. Det har den siste tida vore mellom 40 og 45 elevar ved opplæringa til ei kvar tid, samstundes som det er utskifting av elevar, grunna avgrensa rett til opplæring, samt avbrot i opplæringa når elevar er i arbeid. Korleis tilfanget av elevar blir framover er usikkert. Det er også tilbod om grunnskuleopplæring, men truleg er skuleåret 2023/2024 siste året med tilbodet på ei stund, sidan ingen har rett til og behov for det i Lom eller Skjåk nå.

Dei busette flyktingane kjem frå Ukraina. Det er usikkert korleis situasjonen i Ukraina vil utvikle seg, samstundes som det er uroleg andre stader i verda, og det kan bli aktuelt med flyktingar frå andre konfliktområde. Så langt har det gått greitt å finne bustadar til dei flyktingane som er komne til Skjåk, men etter kvart blir det utfordrande å finne relevante bustadar nær sentrum.

Det å ta imot flyktingar handlar ikkje berre om å ha tilstrekkeleg med bustader, men også om at lokalsamfunnet bidreg til integrering, og at tenestene har kapasitet til å følgje opp. Dette er noko ein må arbeide kontinuerleg med, og det er like viktig for barn, ungdom, vaksne og eldre slik at alle kan trivast og finne seg til rette.

### *Skjåk folkebibliotek*

Skjåk folkebibliotek er ein viktig møteplass og arena for kultur, samtale, debatt og samvær, og det er eit gratis tilbod for alle. Biblioteket har etablert seg som meirope bibliotek, noko som har vore særslig vellykka. Brukarane av biblioteket kan med dette ha tilgang til biblioteket sitt lokale og sjølvbetente tenester kl 07:00 – 22:00 kvar dag, heile året. Det er også etablert frøbibliotek, og det blir jobba aktivt for å vere eit miljøbibliotek som driv på mest mogleg berekraftig måte.

Aktiv formidling og bibliotekutvikling vil vere satsingsområdet også framover, og planen er å vere med på prosjekt innan desse områda der vi mellom anna ynskjer å styrke lesegleda hjå målgruppa ungdom.

---

Skjåk folkebibliotek har som mål å arbeide vidare med å styrke leselyst og leseglede, samt halde fram med den gode jobben med lesestimulering og formidling til både barn, unge og voksne. Biblioteket vil gjere sitt beste for å ha eit godt samarbeid med skulen og dei andre institusjonane i Skjåk kommune. Det vil også vera eit mål å styrke og formidle biblioteket sitt digitale innhald og digitale infrastruktur.

### **Servicetorget**

Servicetorget har mange ulike oppgåver, både mot publikum, innbyggjarar og besøkande, for politikarar og internt for tenester og organisasjonen som heilheit. I tillegg er det her arbeidet med administrering av telefon-løysing, arkiv og post blir gjort i kommunen. Servicetorget har og fått ansvar for behandling av sjenkeløyver, og servicetorget utfører fleire merkantile oppgåver på vegne av tenester i kommunen.

### **IT-samarbeidet**

Tenesta er eit samarbeid mellom Lom og Skjåk kommune. IT-tenestene er avgjerande for tenestene kommunane produserer, og såleis er god og tett oppfølging av IT-systema våre sentralt.

Det regionale samarbeidet gjev mange fordelar, særleg i høve samarbeid om drift av system og fellesløysingar, men også når det gjeld deling av erfaring og kompetanse. På same tid har det ei side der samarbeid krev at ein tek seg tid til å finne fellesløysingar og køyrer dei prosessane som må til. Det regionale IT-samarbeidet er sårbart, og arbeidet med drift og sikring av systema i regionen er krevjande. Ikkje minst er arbeidet med sikring av felles IT-system i Regiondata avgjerande for oss.

Datasikkerheit er avgjerande for oss på alle plan, og det viktig kva den enkelte brukar av IT-systema gjer, eller ikkje gjer. Arbeidet med kompetanse og bevisstgjering for sluttbrukarar i kommunen er difor ei viktig oppgåve.

IT-samarbeidet gjeld to kommunar. Det er difor viktig at kommunane i størst mogleg grad er samkøyrd i val av strategiar og løysingar. Behovet for eit planmessig og strategisk arbeid med digitalisering i kommunane våre har gjort at det frå 2024 er tilsett digitaliseringssjef. Digitaliseringssjefen vil få leiarsvaret (personale og økonomi) for IT-avdelinga.

### **Utfordringar i planperioden**

Kommunedirektøren meiner kommunen vil kunne oppretthalde og vidareutvikle den gode kvaliteten på tenestene med dei tilpassingar det er lagt opp til i årsbudsjettet for 2024. På same tid må vi gjere endringar på fleire område for å møte dagens utfordringar, og for å auke effektiviteten og kvaliteten. Dette handlar om å møte dei raske samfunnsendringane som mellom anna påverkar oppvekstvilkåra til barn og unge. Vi

---

må arbeide på andre måtar enn før for å legge til rette for at barna nå og i framtida skal meistre denne raskt endra kvardagen.

Førebyggande plan for oppvekst er vedteke, og denne gjev føringar for at innsatsen skal vridast inn på mest mogleg førebygging for å unngå reparering i framtida. Rapporten vi har fått frå Agenda Kaupang gjev retning for korleis oppvekstfeltet må samarbeide tettare, meir systematisk og meir førebyggande.

I tillegg er det store krav til tenestene på fleire måtar, mellom anna når det gjeld dokumentasjon og tverrfagleg samhandling. Digitaliseringa i samfunnet krev at tenestene held seg oppdaterte. Vi har mykje å tene på blant anna å få opp gode digitale samhandlingsløysingar, men dette er krevjande i oppstartsperioden både med tanke på kompetanse, ressursar og samarbeid på tvers av tenestene. Det er viktig både for organisasjonen Skjåk kommune, men også for innbyggjarane i møte med tenestene våre, at vi finn gode løysingar og fasiliteter for bruk av ny teknologi. Digitaliseringssjefen blir viktig for å få til betre samhandling mellom dei ulike tenestene, og for å legg til rette for betre utnytting av systema.

### Prioriterte satsingar i perioden

Mange av dei satsingane som alt er i gang må vidareførast. Dette fordi fleire av dei krev langsigtnig arbeid for å få ynskt verknad.

- Førebyggande plan er lovfesta i samband med oppvekstreforma. Planen er vedteken og gjev føringar for førebyggande arbeid og tverrfagleg samhandling. Oppvekstenestene skal gjennom store endringar dei neste åra slik at vi i framtida kan førebygge framfor å reparere. I dette ligg det også å vidareføre arbeidet med barnehage- og skolemiljø for å sikre gode og trygge læringsmiljø.
- I samband med kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkludering er regionen inne i eit samarbeid med SePU (Senter for praksisretta utdanningsforsking) der kvar enkelt skule og barnehage skal finne sitt utviklingsområde å jobbe vidare med. Dette heng tett saman med oppvekstreforma.
- Rapporten til Agenda Kaupang skal fylgjast opp med særleg vekt på å etablere tverrfaglege møteplassar for samarbeid kring barn, samt å styrke arbeidet med byrjaroplæringa, å styrke skuleleiinga og å vidareutvikle system for å fylgje med og avdekke elevar som heng etter fagleg i skulen.
- Rapporten til Agenda Kaupang legg opp til at vi må greie ut bygging av ny barnehage eller opprusting av allereie eksisterande bygg.
- «Alle dagar tel» er ein rettleiar for å førebygge og ta tak i skulefråvær. Dette vil vere ei viktig satsing for skulen framover, og den heng tett saman med føringane i oppvekstreforma.

- Gjennom utviklingsarbeid skal vi vidareutvikle kulturskulen for å sikre eit godt tilbod no og for framtida, og for å sikre at kulturskulen er ein del av laget rundt barnet.
- Kulturskulen skal delta i vegleiarrunde med Norsk kulturskuleråd ut 2024.
- Biblioteket skal vidareutviklast som samlingsstad og ein arena for kultur, samtale, debatt og samvær i kommunen gjennom å vere ein sentral del av sentrumsbiletet og ein viktig aktør i omdømmebygginga for kommunen.
- Det skal arbeidast vidare for sky-løysingar, datatryggleik og større fleksibilitet.
- Opprusting av lokale og utstyr for kunst- og handverksfaget på skulen.

### **Kvalitetsdiskusjon**

Det er ofte vanskeleg å talfeste kvalitet, og vi blir ofte åtvara mot å legge stor vekt på enkeltresultat i små kommunar. Resultata må i staden sjåast i samanheng og over tid. I Skjåk har tenestene høg kvalitet ut frå det vi har å samanlikne oss med. Vi må såleis vere stolte over det tenestene våre leverer. På same tid må vi heile tida utvikle oss og forbetre oss for å møte ein kvar dag og eit samfunn i rask endring. Rapporten til Agenda Kaupang har gjeve oss klare råd om kva tiltak vi bør jobbe vidare med for å forbetre kvaliteten innanfor oppvekst.

Det er også viktig å hugse at brukarane opplever kvalitet i tenestene våre subjektivt. Vi skal alltid passe på at dei ulike brukarane blir møtt, sett og høyrt. På same tid skal tenestene leve i samsvar med forventningar og krav som lover og politiske vedtak, både sentralt og lokalt set, og innanfor bestemte økonomiske rammer. Altså skal tenestene vere fagleg forsvarlege, samstundes som budsjettrammer, brukartilfredsheit og også omsyn til dei tilsette skal ivaretakast. Det er viktig at dei tilsette i tenestene, men også tenestene seg imellom, opplever å dele eit felles ansvar der dei har motivasjon for å jobbe saman for å løyse dei utfordringane vi til ein kvar tid møter.

Teneste	2023	2024	Kommentar
<b>200 Oppvekst og utdanning</b>	17 287 000	20 223 000	Digitaliseringssjef frå 1.1.2024. Andre kostnader knytt til lønsauke og personalsituasjon.
<b>201 Flyktningar</b>	6 253 000	7 183 000	Auka busetting og såleis auke i bemanning. Det vart tilsett tenesteleiar frå 1.9.2023.
<b>211 Dønfoss barnehage</b>	5 288 000	4 760 000	Lågare pensjonsutgifter enn i 2022. Foreldrebetalinga vil truleg bli halvert frå 1.8.2023.
<b>213 Bismo barnehage</b>	11 344 000	12 930 000	Auka bemanning grunna auka barnetal. Foreldrebetalinga vil truleg bli halvert frå 1.8.2023.
<b>220 Skjåk barne- og ungdomsskule</b>	24 562 000	26 998 000	12 timer gratis SFO for 1. og 2. klasse gjev nedgang i foreldrebetaling, og på same tid auke i bemanninga. Lønsauka i 2023 gjev stort utslag i eit så stort budsjett. Det har vore ei auke når det gjeld spesialundervisning.
<b>240 Kulturskule</b>	2 191 000	2 146 000	Lågare pensjonsutgifter enn i 2022.

## Tenesteområde Miljø- og samfunnsutvikling

### Ansvarsområde



### KOSTRA

KOSTRA-statistikken har fleire variablar innanfor område miljø- og samfunnsutvikling. Felles for fleire av desse er at det er vanskeleg å samanlikne t.d. tal på byggesaker, vegvedlikehald, vatn og avløp osv. Tala i KOSTRA for Skjåk sin del, blir små i høve t.d. Innlandet og landet utanom Oslo. Tala som ein får ut, er avhengig av kva tal kommunane legg inn i systemet, her er det til dels store variablar. Til tross for dette er KOSTRA eit nyttig verktøy for å samanlikne seg innanfor dei fleste sektorar. I dokumentet under vil ein få nokre aktuelle KOSTRA-tal frå eininga.

### Beredskap

Tabellen for KOSTRA viser at Skjåk på brann og førebygging har noko lågare kostnad pr. innbyggjar enn gjennomsnittet i landet utanfor Oslo. Brutto kostnad pr. innbyggjar i regionen varierer frå 1389 kroner til 3761 kroner. Årsverk brann og ulukkesvern pr. 1000 innbyggjarar varierer frå 0,50 til 2,21. Årsverk brann og ulukkesvern pr. 1000 innbyggjarar varierer frå 0,28 til 2,24. Etter "Brann og redningsvesenforskriften", gjeldande frå 1. mars 2022, er brannvesenet tillagt oppgåver som overflatedredning. Delar av utstyr og opplæring er på plass. Brannvesenet har over fleire år vorte tillagt nye oppgåver, som helseoppdrag og politioppgåver.

Brannvesenet har felles vakt på utrykkingsleiar i Lom og Skjåk. Mannskapa har ikkje vakt utanom høgtider. Mannskapa rykker ut ved hendingar når alarmen blir utløyst. Brannvesenet deltek med to personar i felles overordna vakt med dei andre kommunane i Ottadalen.

Brannvesenet er utstyrt og har kompetanse for å kunne takle akutte hendingar.

Kommunane må i tida framover førebu seg på å prioritere beredskapsarbeid høgt. Det gjeld både innan profesjonalitet, kompetanse og tid avsett til slikt arbeid. Kommunen må som følge av klimaendringar vere førebudd på naturhendingar som flaum, ras, vindskadar og andre hendingar knytt til ekstremvêr. I kommunen sitt arbeid på plan, byggesak og miljø arbeider ein med konsekvensutgreiingar og ROS-analyser der naturfare tilseier at dette må gjerast.

---

Kommunen sin overordna beredskapsplan vart oppdatert våren 2020, det same vert plan for helsemessig og sosial beredskap. Erfaringa med flaumen i 2018 og koronapandemien viser at beredskap ikkje kan knytast til berre ei organisatorisk eining i kommunen, det er eit ansvar for heile kommuneadministrasjonen.

Stillinga som beredskapskoordinator har frå 2020 tilhørt felleskontor for plan, byggesak og miljø. Kommunestyra i Skjåk og Lom vedtok våren 2022 å oppheve vertskommuneavtala om felles beredskapskoordinator, og rolla som beredskapskoordinator skal nå leggast til Lom og Skjåk Brannvesen i ei 20 % Stilling. Brannvesenet stadfesta 1.11.2022 dette. I november 2023 vart ny organisering av Lom og Skjåk brannvesen vedteke av kommunestyra for begge kommunane. Vedtaket blei etter §20-2 eit vertskommunesamarbeid med ei felles folkevald nemnd. Beredskapskoordinatorrolla må etter ny organisering leggast i linja til kommunedirektøren.

Nord-Gudbrandsdalsregionen har felles overordna risiko- og sårbarheits-analyse (ROS-analyse). Denne gjekk ut i 2019, og skal rullerast for ei ny fireårsperiode. Grunna koronapandemien har det tidlegare ikkje vore mogleg å få sett av nok kapasitet til dette i regionen. Dette arbeidet må prioriterast i 2023. Lom og Skjåk kommune må sjå på moglegheitene for å ha felles overordna ROS analyse.

#### Tal frå brann og ulykkesvern

	Skjåk Brutto	Beløp pr innbyggjar	KOSTRA.gr. 5 pr innbyggjar	Landet u/ Oslo pr innbyggar
Brutto driftsutgifter pr. innbyggjar, førebygging av brannar ulykker og beredskap mot brannar og andre ulykker. Beløp i 1000	1944	1944	2249	1487
Årsverk brann og ulykkesvern pr. 1000 innbyggjarar	0,65			0,72

#### Næring

Innanfor næringskontoret har det vore lagt ned eit omfattande arbeid siste året. Det har vore mange saker til næringsfondet som har vore behandla. Det har også vore mange oppgåver og aktivitetar som har vore gjennomført. Stillingssleppet er ein aktivitet som bli gjennomført i mars kvart år. Som ein del av ein felles arbeidsregion i Nord Gudbrandsdalen, er det viktig at vi tek del i denne ordninga. Demografiutfordringane og rekrutteringsutfordringane har fokus. Stillingssleppet er også eit viktig tiltak i kombinasjon med rekrutteringsbustadane.

---

I sumar vart det gjennomført eit pilotprosjekt med kommuneinfluensarar. Dette var eit nytt prosjekt utan noko særleg oppskrift å følgje. Det kan med rette kallast eit pilotprosjekt og vi kan med stoltheit si at her lykkast vi godt med å få til dels stor merksemrd rundt det gode med å bu i Skjåk. Vi fekk omtale i blant anna NRK, VG, E24, Fjuken, GD og hjå lokalbefolkninga. Prosjektet klarte og å nå dei yngre i Skjåk, dei som har flytta ut og dei som av andre grunnar er interessert i Skjåk. Prosjektet vart i hovudsak gjennomført på Instagram og Tik Tok, og ga Skjåk kommune nye og "andre" følgjarar enn vi har hatt tidlegare. Mottoet til prosjektet var "av ungdom for ungdom", og innhaldet skulle vera alt frå litt tull og fjas til meir seriøse presentasjonar av aktivitetar og næringsdrivande i Skjåk.

Det har vore gjennomført næringspub på Skeid kro med godt oppmøte og gode dialogar.

I oktober vart næringskonferansen gjennomført med bra oppmøte frå lokalt næringsliv. Naboane i vest var representert men vi nok kunne ynskt oss fleire frå næringsdrivande frå nabokommunane i Vest. Vi satsar på fleir deltakrar frå dei kommunane neste gong konferansen blir gjennomført. For seinare må det leggast ned meir arbeid på å få dei mindre bedriftene lokalt til å delta. Ein av dei viktigaste faktorane med ei slik konferanse, er å sette ulike næringar og personar saman for å skape nettverk, samhald og å danne nye idear.

Næringsnettverket i Skjåk (NIS) er ei særsviktig sak for Skjåk kommune og vart støtta gjennom midlar frå tildelinga i samanheng med næringsstrategien. Dette er ei satsing for at næringslivet sjølve skal finne saman og samarbeide. Næringskontoret si rolle har vore litt på sida og meir som ein samtalepartner. Dette er i hovudsak næringslivet sin samhandlingsarena og det er viktig å skilje rollene til kommunen og næringslivet. Næringskontoret si rolle framover er å yte bistand og gje råd til dei som treng det. Spesielt spørsmål knytt til næringsfondet står sentralt.

For det komande året står evaluering av næringsfonds-vedtekta som ei kjernesak. Her vil evaluering av dei siste åra stå sentralt, i tillegg til demografi, rekruttering og klima og miljø. Ikkje mange kommunar har slik fondsstørrelse. Dette gjev Skjåk kommune moglegheit til å styrke næringslivet og å møte demografiutfordringane dersom midlane forvaltas godt. Verda står midt i det grøne skiftet og med midlar frå næringsfondet kan vi gje våre lokale bedrifter ein fordel i klima- og miljø tilpassinga.

Det er store forventningar til kva næringskontoret skal bidra med og det er stor forventning til framdrift. Dette har vore tema blant anna i politikken. Kommunalsjefen vil her påpeike at det er begrensa kapasitet på eitt årsverk når vi deltek på fleire arena. Arbeid innanfor 6 Kommune samarbeidet er og ein arena som

---



tek tid. Politiske saker og søknadar til næringsfondet tek mykje av kapasiteten til næringssjefen. Det er tidskrevjande å skrive sakar til politisk behandling.

## Strategiarbeid

For næring- og omdømestategien er det avgjerande at desse blir sett ut i praksis og ikkje blir lagt i ei skuff. Gjennom 2023 har strategiane vore fylgt opp, dette har og vore rapportert på i politiske møter. Det er viktig at dette arbeidet fortset med same fokus i 2024.

## Landbruk

Landbruksnæringa har stor betydning for lokalsamfunnet i Skjåk når det gjeld sysselsetting, busetting og verdiskaping. Landbruket i Skjåk er tradisjonelt med grovfôrbasert husdyrhald med mjølk og kjøtproduksjon som berebjelkar. Bygda har også lange tradisjonar innan griseavl med eit godt produsentmiljø og purkering. Det er fleire foredlingsbedrifter som vidareforedlar råvarene som blir produsert på gardane og henta frå skog og fjell.



Mange av gardane nyttar dei store utmarksområda i kommunen som fôrressurs. Sommaren 2023 var det 1 649 storfe, 4 859 sauar, 687 geiter og 33 hestar som gjekk på utmarksbeite. Det er ei auke på 315 storfe og på om lag 100 sau sidan 2010. Det er knytt utfordringar til beiting i utmark. I delar av kommunen har tap av sau til rovdyr vore eit problem over fleire år. I fleire område har det i 2023 vore beitebrukarar med registrert lammetap på mellom 30% og 50 % i løpet av ein beitesesong. I Skjåk var det i vinter registrert yngling av jerv i Breheimen, men stor aktivitet av jerv i alle beiteområde. Tapa strekkjer seg over alle beiteområde både på nord og sør.

Totalt er det eit tap på om lag 500 lam og 60 søyer i 2023, noko som gjev eit samla totaltap på opp mot 13%. I 2022 var det samla tapet på 12,1%. Rovdyrbelastninga gir betydelege ressursbehov på personell i hovudsak tilhøyrande landbrukskontoret, og dette går tidvis sterkt utover anna arbeid. I beitesesongen 2023, som i 2022, har man vore på smertegrensa meir eller mindre heile beitesesongen. Dette gir stor sårbarheit på personressursar.

Prosjektet "Berekraftig sameksistens med sau og jerv i utmark" er eit interkommunalt prosjekt med Skjåk, Lom, Vågå, Lesja og Dovre som deltagande kommunar. Prosjektet arbeider med områda lisensfelling, skadefelling og førebyggjande arbeid med målsetting om å redusere konfliktnivået og få lågare tap til freda rovvilt. Landbrukskontoret har prosjektleiaransvaret.

Det blir arbeidd breitt med ulike tiltak knytt til dei tre innsatsområda. I 2023 er det gjennomført ei ny organisering av dei kommunale skadefellingslagene. Det er blant anna eit eige radiobjølleprosjekt med mål om å auke talet radiobjøller i besetningane, der fleire besetningar nå har 100% dekning av radiobjøller på søyer i flokken. Landbrukskontoret har og oppretta ein eigen vakttelefon i beitesesongen, operativ frå 1. juni – 15. september.

I samband med ny klima- og miljøplan i Skjåk kommune har det vorte sett fokus på klimatiltak i landbruket, og landbrukskontoret skal vere ein pådrivar for at dei nasjonale klimamåla som landbruket har sett seg blir nådd. Med støtte frå klima- og miljøprogrammet har vi gjennomført fleire klimatiltak i 2023, og dette er noko vi kjem til å ha fokus på også i åra framover. Vi har tett samarbeid med fagmiljøet i Norsk Landbruksrådgiving innanfor dette området der landbrukskontoret har hovudansvaret for å koordinere aktivitetar.

Hovudutfordringa for landbruksnæringa i Skjåk er å oppretthalde verdiskaping og sysselsetting. Gjennomsnittsalderen blant aktive gardbrukarar blir stadig høgare, og det blir viktig å rette fokus mot rekruttering til næringa for å halde oppe talet på sysselsette. Frå 2034 er det krav om at all storfe skal vere

---

oppstalla i lausdriftsfjøs. I Skjåk har det vore bygd fleire lausdriftsfjøs dei siste åra, men det er framleis ein relativ høg andel båsfjøs i kommunen. Mjølkeproduksjonen har store ringverknadar i lokalsamfunnet når det gjeld verdiskaping og sysselsetting, og kommunen må fortløpende vurdere tiltak som kan bidra til å oppretthalde bruksstrukturen og produksjonsgrunnlaget.

Viktige verkemiddel for landbruket generelt er støtte frå næringsfond, hjelp til søknad til Innovasjon Norge, og ei fagleg god landbruksforvaltning i kommunen.

## Kultur

Kultur er limet i eit lokalsamfunn og blir definert etter det utvida kulturomgrepet. Kultur er knytt til identitet, om det er forfattarskap, mat eller musikk – så er det viktig for å seie noko om skjåkværen.

Oppgåver lagt til kultur har stor spennvidde, som sakshandsaming av kulturmidlar og prosjektmidlar, spelemiddelordninga, administrere faste og meir spontane kulturtiltak/-arrangement som 17. mai og kulturvelden, Skjåkpris og kulturstipend, den kulturelle spaserstokken, kontakt ut til lag og foreiningar, museum, kulturminnevernarbeid, planarbeid med meir. I tillegg deltek kultur i eit 6K-samarbeid på den kulturelle spaserstokken. Kulturkonsulenten organiserer spelemiddelsøknader og har ansvar for kommunale søknadar i forbindelse med prosjekt. Det er oppretta eit nærrare og fruktbart samarbeid med biblioteket. Det går på arrangement og produksjon av materiell for marknadsføring og synlegheit.


Kulturminne er alle spor av menneskeleg aktivitet, og omgjev oss til dagleg. Både materielle og immaterielle kulturminne representerer ein verdi for samfunnet. Skjåk må ha eit berekraftig kulturminnevern slik at generasjonane i framtida får same vilkår som oss til å forstå og oppleve historia gjennom kulturminne.

Det har vore gjennomført moglegheitsstudie for utvikling av Bismo. Kulturfeltet er representert i prosjektgruppe med ansvar for å få med frivillige lag og organisasjonar og for å dra dette vidare mot ein ny reguleringsplan.

Arbeida med ny kulturminneplan er igangsett , komunedelplan for fysisk aktivitet og naturoppleving rullerer handlingsplan kvart år.

Det er stort mangfold i organisasjonsfloraen i kommunen. Dette er viktig å få synt fram, slik at dei som er interessert i å flytte hit ser at det er ting å gjere også i fritida. Det generelle kulturarbeidet teller eit halvt årsverk.

13135: Utvalgte nøkkeltall for kultur, etter region. Netto driftsutgifter til kultursektoren per innbygger (kr), 2022.



Kilde: Statistisk sentralbyrå

## Natur- og kraftforvaltning

### *Naturforvaltning*

Skjåk kommune er ein viktig aktør i forvaltninga av naturen i Skjåk. Ved utøving av offentleg mynde skal det alltid gjerast vurderingar etter naturmangfaldlova i samsvar med kva verknad det har på naturen.

Kommuneplanen gir viktige føringar for korleis landskapsutviklinga kan gå føre seg. For å kunne forvalte naturen på ein bra måte er ein avhengig av god oversikt over naturtypar, artar og samspelet mellom desse. I Skjåk har vi samla inn mykje kunnskap om naturen gjennom kartlegging. Mange av desse opplysningsane er samla på kart. Desse kan ein sjå i mellom anna naturbasa og artskart. Vi har to store verneområde i Skjåk, Reinheimen nasjonalpark i nord og Breheimen nasjonalpark i sør. Desse blir forvalta av kvart sitt nasjonalparkstyre. Statens naturoppsyn (SNO) har ansvar for skjøtsel og oppsyn i nasjonalparkane. SNO-Skjåk er lokalisert hjå Skjåk Utmarkssenter v/Skjåk Almenning. Skjåk Almenning dekkjer eit landareal på i alt om lag 2 millionar dekar, og eigedomen utgjer 95 % av arealet i Skjåk kommune.

Lom kommune kjøper gjennom felleskontor for plan, byggesak og miljø inn ein 30 % ressurs på miljø/naturforvaltning frå Skjåk kommune.

### Vassdragsforvaltning

NVE har kome langt i flaumsikring av Bismo og blir etter plan ferdige i 2024. Arbeidet med flaumsikring av Billingen seterpensionat er i gang og blir etter planen ferdig i vinter. I samband med ekstremvêret "Hans" var det mange som fekk skadar frå vatn, flaum og skred. Skjåk kommune har bidrøge med planlegging og gjennomføring av reparasjonsarbeid fleire plassar.

### Klima og miljøplan

Ny klima- og miljøplan vart vedteke av kommunestyret i juni. Den vil fungere som ein sjølvstendig communal temaplan og skal brukast som underlag for alle avgjersler som kjem inn på klima- og miljø i kommunen. Den skal ligge til grunn for all communal verksemd, og er like viktig for barnehagar som for innkjøp og tekniske tenester. Planen vil legge føringar for politiske avgjersler og andre planar som blir utarbeidd. Skal vi lykkast med dette arbeidet er det ein nødvendigheit at politikken har eit godt fokus på dette og tar det inn i si styring av NGR og Lom og Skjåk brannvesen.

Administrasjonen og politikken må stå saman om dette temaet.

### Hushaldningsavfall

Renovasjonsgebyr vil auke med ca 12 % til neste år for å dekke inn noko av underskotet frå tidlegare år. Tenesta skal vera til sjølvkost og kostnadane må difor dekkast inn i si heilheit.

Hushaldningsavfall per årsinnbygger (kg)			
	2020	2021	2022
3431 Dovre	444	654	416
3432 Lesja	444	649	409
3433 Skjåk	445	660	414
3434 Lom	444	649	408
3435 Vågå	445	647	413
3437 Sel	444	658	413

### Teknisk

Tenesta drift har ansvar for å planlegge og gjennomføre utbygging av kommunale bygg og anlegg, byggeleiing, drift og vedlikehald av kommunale bygg, plassar, idrettsanlegg og vegar. Forvaltning- og eigaransvaret for den kommunale bygningsmassen. Drift av vatn- og avløpsanlegg samt drift av vaskeriet på Skjåkheimen.

Dei store uvêrshendingane dei siste åra har sett fokus på handtering av overvatn i samband med flaum og skred. Det er sett i gang omfattande tiltak for å sikre Skjåk mot framtidige hendingar. Det er difor oppretta eit tenesteområde under ansvarsområde for VA for overvatn der mellom anna drift og vedlikehald av

flaumsikringsanlegget og skredvollane i Skei vil gå inn saman med dei andre overvassinstallasjonane i Skjåk. Flaumsikringsanlegget i Bismo blir ferdig i 2024. Det består av flaumvoll med skråningar, turveg og belysning, tre pumpestasjonar med til saman ni store pumper og styringssystem samt ein inntakskonstruksjon for Fjuken og ny pumpestasjon ved Skjåkheimen. Alt dette skal vedlikehaldast og vere driftsklart til ei eventuell flaum- eller skredhending. Utbetring av skredvollane i Skei med steinspranggjerde, masseuttak og høgding av vollane er under planlegging. Det er foreløpig ikkje klart kva arbeidsomfanget av det ekstra vedlikehaldet vil bli.

Det er viktig å presisere at ein stor del av auka i budsjettet for teknisk består av avskrivningar. Som følgje av investeringane i m.a. Skjåkhallen i 2023, aukar desse med 1,5 millionar i 2024. Grunnen er at verdien av denne investeringa skal skrivast ned i løpet av 40 år og at det i 2023 vert brukt 60 millionar på Skjåkhallen. Avskriving av verdi på bygg er ein regnskapsmessig praksis der verdien av eit bygg over tid reduserast i regnskapsbøkene. Dette blir gjort for å gjenspeile den faktiske nedgangen i verdien til bygget. Utgiftsauke utover avskrivningar er følgje av lønsauke og prisstigning på varer og tenester som leigast eller kjøpast inn.

#### *Reinhald*

Reinhald av kommunale bygg utgjer om lag 16 000 m<sup>2</sup> golvareal. Vaskeriet på Skjåkheimen har ansvar for vask av klede frå institusjon, frå bebuarar i omsorgsbustadar og heimebuande med behov for omsorg. Tenesta utgjer 10,0 årsverk fordelt på 15 stillingar.

#### *Bygg og eigedom*

Den kommunale bygningsmassen utgjer om lag 22 000 m<sup>2</sup>. Vaktmeistrane har ansvar for drift og vedlikehald av kommunale bygg med tilhøyrande utomhusanlegg, samt parkar og plassar i Bismo. Vaktmeistertenesta utgjer 5,7 årsverk fordelt på 7 stillingar. Det er ikkje vaktmeisterteneste dedikert til kommunale utlegebustadar. Ein del av den kommunale bygningsmassen er relativt gammal, og det trengst gradvis meir vedlikehald. For nokre av bygga har dei tekniske anlegga si levetid vorte oppbrukt. Som følgje av det, har fleire av bygningane svært høgt energiforbruk.

Kommunehuset har vore gjennom mange fasar med ombygging og utviding av varme- og ventilasjonsanlegget sidan bygget var nytt. Bygget har svært høgt energiforbruk og det er eit stort innsparingspotensiale i å få varme og ventilasjon til å fungere meir heilheitleg. På fleire av areala er det ei utfordring med å fylle konkrete krav til innetemperatur og luftkvalitet.

Symje- og garderobeanlegget i Skjåkhallen gjennomgår no omfattande renovering og ombygging. Dagens 25 meters basseng skal renoverast og midtbygget med garderobar skal byggjast om og utvidast. Det blir og bygd eit terapibasseng i eit nytt tilbygg til symjehallen. Heile det tekniske anlegget med ventilasjon, VVS- og bassengtekniske installasjonar skal fornyast og det er venta store energiøkonomiske forbetringar. For å kome nye personvernkrav i møte vil alle dusjar ha eigne avlukke med dør. Dette vil gjere reinhaldet i garderobeanlegget meir tidkrevjande og saman med reinhald av terapibassengbygget vil dette gje eit auka behov for reinhaldsressursar i idrettshallen frå siste tertial av 2024.

Det er høgt press på utleigemarknaden i Skjåk grunna flyktningssituasjonen. Både den kommunale og den private delen av marknaden er heilt på kapasitetsgrensa. Dette har ført til at planar om sal av eldre kommunale utleigebustader har vorte satt på vent, men på sikt vil det vere fornuftig å selje ein del av dei eldre kommunale utleigeboligane i den opne marknaden. Bruken av gamle bustader og høg utskifting av bebuarar har ført til auka vedlikehalds- og reparasjonskostnadene. Det pågår arbeid med å utvikle nye bustadformer tilpassa nye grupper innbyggjarar. Kommunen er i dialog med Husbanken for å utvikle modellar for framtidig bumiljø i Skjåk.

Det er vedtak på at det skal oppførast 4 rekrutteringsbustader i Skei tomteområde. Byggearbeidet vart sett i gang på hausten i 2022. To rekrutteringsbustader er ferdige i 2023 og dei to siste er under oppføring. Det blir arbeidd med ein hovudplan for vedlikehald av den kommunale bygningsmassen. Denne vil danne grunnlaget for budsjettering av vedlikehaldsoppgåver over fleire år framover.

#### **Veg, vatn og avløp (VVA)**

Driftsoperatørane har ansvar for drift og vedlikehald av kommunale vatn- og avløpsanlegg. Det er totalt 6 kommunale reinseanlegg og 6 kommunale vassverk. I tillegg er det eit infiltrasjonsanlegg (avløp) ved Marlo som blir drifta av Skjåk kommune. I tenesta inngår driftspersonell til drift og vedlikehald av kommunale vegar, bruer og gateljosanlegg. Vintervedlikehald av vegar (snøbrøyting og strøing) er sett bort til lokale entreprenørar. Tenesta utgjer 3,5 årsverk fordelt på 4 stillingar. I 2024 vil det bli oppretta ny teneste for overvatn som skal drifte flaumforbygginga, rasvollar og anna overvatn til kommunens eigendommar. Denne tenesta vil utgjere ca. 0,4 årsverk i framtida.

Kommunen har relativt høge kostnadene til avløpstenestene. Årsgebyret er om lag 40,5 % høgare enn kommunar i KOSTRA-gruppe 5. Dette heng saman med at kommunen har eit relativt nytt reinseanlegg. For utgifter til vassforsyning er kommunen om lag 23 % lågare enn kommunane i KOSTRA-gruppe 5. Kommunale gebyr for vatn og avløp blir endra etter ny forskrift for vass og avløpsgebyr for Skjåk kommune

---

vedteke av kommunestyret i 2022. For vatn og avløp vil gebyra auke med om lag 23 % i 2024. For septikrenovasjon er det ein auke på ca. 11 % i kommunale avgifter.

Det neste året vil vatn og avløp måtte forsterke forsyningssområdet på Dønfoss, området utvikla seg positivt, med det føljer det auka vassforbruk og auka belastning på avløp som krev oppgradering. På Dønfoss er det ein stor belastningstopp i turistsesongen som dagens anlegg er ikkje dimensjonert for. For å få ei framtidsretta løysing må ein sjå på moglegheiter til å knytte fleire abonnentar til anlegga på Dønfoss, dette er gunstig for å få jamnare belastning, samt å få fleire tilknytte på sjølvkostområdet til vatn og avløp, samt at det vil være miljømessig gevinst med kommunalt vatn og avløp tilgjengeleg for fleire innbyggjarar.

#### Teknisk vakt

Vakta er primært oppretta for å ta imot alarmar frå vatn- og avlaupsanlegg utanom ordinær arbeidstid. I tillegg tek vakta mot akuttoppdag utanom ordinær arbeidstid frå kommunale vegar, kommunale bygg og anlegg, samt til å ta i mot alarmar frå brann og innbrot.

Vaktstyrken er samansett av 2 driftsoperatørar frå VA-sektoren og 3 vaktmeistrar frå kommunale bygg og anlegg.

Teknisk vakt er og ein viktig ressurs i beredskapsarbeidet og krisehandteringa og spesielt ved naturhendingar. Dette fekk vi bekrefta under uværet "Hans". Under denne hendinga fekk vi dokumentert kor viktig det er med ein aktiv uteressurs i fortløpende kontakt med kriseleiinga. I eit tett samarbeid blei mange oppgåver løyst på en rask og god måte.

#### Tal frå Egedomsforvaltninga

Nøkkeltal	Eining	Skjåk	KOSTRAgr. 5	Landet utan Oslo
År		2022	2022	2022
Netto driftsutgifter til egedomsforvaltning i prosent av samla driftsutgifter	%	13,4	9,5	9,5
Netto driftsutgifter til forvaltning av eigendom per innbyggjar	kr	829	339	384
Areal på formålsbygg per innbyggjar	m <sup>2</sup>	9,03	7,65	5,11
Utgifter til vedlikehald per kvadratmeter	kr	78	81	100
Utgifter til driftsaktivitetar per kvadratmeter	kr	677	662	714
Herav utgifter til reinhald per kvadratmeter	kr	203	163	175
Herav energikostnadar per kvadratmeter	kr	171	174	196

## Klima og energi

Nøkkeltal	Eining	Skjåk	KOSTRA gr. 5	Landet utan Oslo
		2022	2022	2022
Energiutgifter som andel av brutto driftsutgifter (prosent)	%	1,13	0,98	0,96
Andel av energikostnadene i (fylkes)kommunens eiendomsforvaltning bruket på fornybare energikilder (prosent)	%	100	97,8	96,7
Energibruk per m <sup>2</sup> eid areal	kWh	190	161	142
Andel elektrisitetsforbruk av totalt forbruk i (fylkes)kommunens eiendomsforvaltning, eigne bygg (prosent)	%	80	87	83
Andel fjernvarmeforbruk av totalt forbruk i (fylkes)kommunens eiendomsforvaltning, eigne bygg (prosent)	%	20	8	13
Andel fornybarforbruk av totalt forbruk i (fylkes)kommunens eiendomsforvaltning, eigne bygg (prosent)	%	100	98	96
Andel fornybarforbruk av totalt forbruk i (fylkes)kommunens eiendomsforvaltning, eigne bygg (prosent)	%	96	98	97

## Plan, byggesak, miljø

Felleskontor for plan, byggesak og miljø for Lom og Skjåk vart formelt i drift frå årsskiftet 2018-2019. Lom kommune er vertskommune for tenestene plan, byggesak og miljø. Dei tilsette har til dagleg kontor i Lom, men har også kontordagar i Skjåk. Felleskontoret for plan, byggesak og miljø har tett kontakt med andre fagmiljø som til dømes landbrukskontoret, vatn og avlaup og brannvesenet. I saker av felles relevans og interesse. Kompetanseheving på forvaltning av mindre vass- og avlaupsanlegg er ei prioritert oppgåve i 2023 og 2024. Det er også organisering av tilsyn på slike anlegg og byggesaker: Vågå kommune har sagt opp vertskommuneavtalen på tilsyn frå våren 2024, og det er viktig å få på plass ei ordning som erstattar dette.

## Kommuneplanar og reguleringsplanar

Kommuneplanens arealdel er av ny dato (2021), medan samfunnsdelen vart vedteken i 2018. Nå når vi er inne i ei ny valperiode skal kommunen utarbeide og vedta ny planstrategi. Der skal ein mellom anna ta stilling til om kommuneplanane skal reviderast i den komande fireårsperioden. I 2023 har kommunen arbeidd mykje med moglegheitsstudie for Bismo. Resultatet frå dette skal ligge til grunn når kommunen skal starte arbeidet med ny reguleringsplan for Bismo. Kartlegging av naturfarer er eit viktig arbeidsområde for kommunen. Dette året er det særleg kartlegging av skredfare som har vore jobba med. Slike kartleggingar er naudsynte for planlegging og gjennomføring av enkeltiltak, men også som grunnlag for naudsynte sikringsarbeid og for arbeidet med reguleringsplan.

Det blir utarbeidd få reguleringsplanar i privat regi i Skjåk. Private planar som aktivt er til handsaming i Skjåk hausten 2023 er Grotli fjellhytter og Heggli. Når det kjem inn private planforslag er det kommunen si

oppgåve å gjennomgå desse, ha kontakt med forslagsstilla om eventuelle endringar og deretter førebu saker til politisk handsaming for høyringar eller vedtak. Kommunen sjølv har i haust varsla oppstart av reguleringsplan for det gamle reinseanlegget i Bismo, med framtidig bustadbygging som føremål.

### Tal frå Plan, byggjesak, miljø

#### Gebrysatser for byggesøknader, opprettelse og endring av eiendommer

	Byggesaksgebyr for oppføring av enebolig (kr)		Gebyr for opprettelse av grunneiendom (kr)		Gebyr for privat forslag til reguleringsplan (kr)	
	2022	2023	2022	2023	2022	2023
EAKUO Landet uten Oslo	16612	17228	20426	21155	89878	96762
KOSTRA-gruppe 2	14134	17323	20560	21984	62413	73942
Skjåk	5360	5630	17680	18560	10300	10650

#### 13434: KOSTRA-nøkkeltall for plan- og byggesaksbehandling, etter region, statistikkvariabel og år

	Behandlede byggesøknader med 12 ukers frist (antall)	Behandlede byggesøknader med 3 ukers frist (antall)	Kommunens gjennomsnittlige saksbehandlingstid for byggesøknader med 12 ukers frist (dager)	Kommunens gjennomsnittlige saksbehandlingstid for byggesøknader med 3 ukers frist (dager)
	2022	2022	2022	2022
EAKUO Landet uten Oslo	29949	34114	40	19
KOSTRA-gruppe 2	1231	1163	40	17
Skjåk	41	30	10	6

Statistikk for gebyr i plan- og byggesaksbehandling. KOSTRA-gruppe 2 er kommunar med 2 000 til 9 999 innbyggjarar, låge bundne kostnadars og middels frie disponibele inntekter per innbyggjar. Kjelde: SSB.

### Klima og miljø

I juni 2023 vart ny klima og miljøplan vedteke etter eit intensivt arbeid over 8 månader.Å fylje opp planen og vedtak vil bli eit viktig arbeid og ikkje minst det å skape kultur for denne type tenking. I vedtaka ligg det eit arbeid om å utarbeide klimabudsjett.

I høve "Sats på Skjåk", vert det etablert ei 20% stilling i eit år frå november som har til oppgåve å fylge opp planen og tiltaka. Gjennom søknad til husbanken fekk Skjåk kommune støtte til å utvikle eit konsept knytt til bulyst og rekrutteringsbustadane. Essensen i støtta frå Husbanken var konseptet som kommunen planlegg å bygge rundt boligane med retningslinjer for å leie og vilkår for eventuelt utkjøp seinare. Vilkår for leie og utkjøp vart vedteke i kommunestyret 15.5.23. Arbeidet med å finne leigetakrarar i rekrutteringssamanheng er i gang og nemnda som tildeler har hatt dei fyrste sakane til behandling.

Prosjektleiar for satsninga vil sette i gang arbeidet med å gjera satsinga kjent for næringslivet, etablere fadderordningar, marknadsføre bustadane og bygda i diverse medium og gjennom arrangement. . Husbanken og distriktsenteret fyljer satsinga tett.

## Utfordringar i planperioden

Utfordringane for området Miljø- og samfunnsutvikling dei kommande åra er:

- Utvikle eininga gjennom strategisk arbeid og planverk over tid.
- Gjennomføre vedtekne strategiar.
- Utvikle kompetansen i eininga i tråd med lovverket og andre påverkingar.
- Til ei kvar tid ha tilstrekkeleg kompetanse innanfor eininga og vere ein konkurransedyktig arbeidsgjevar som sikrar kontinuitet og nyrekruttering med tilstrekkeleg kompetanse til ein kvar tid.
- Bidra til eit livskraftig og mangfaldig næringsliv – både å leggje til rette for nye verksemder og at eksisterande blir verande samt arbeide med rekruttering og busetnad som tema.
- Få på plass nye attraktive næringsareal i tråd med kommuneplanens arealdel. Slike prosessar tar ofte svært lang tid om må derfor startast i god tid før behova melder seg.
- Digitalisering innanfor saksbehandling, samhandling, styringssystema, dokumentasjonssystema.
- Sikre verdibevaring og ikkje auke vedlikehalds-etterslepet.
- Få på plass planverk innanfor veg, vatn/avløp, kommunal bygningsmasse, eit nytt system som sett kommunen i stand til eit planlagt vedlikehald som er i samsvar med gjeldande økonomiplan.
- Bidra til at Skjåk er ein attraktiv turist- og hyttekommune.
- Bidra til å sette Skjåk på kartet, synleggjere kommunen og drive omdømmearbeid gjennom positive bidrag i kvardagen. I dette arbeidet vil strategien for omdømmerabeidet vere heilt sentral.
- Klima-utfordringar, frå å vere kjend som landets tørraste kommune ser ein no at ein her må vere budd på endra værsystem med ekstremregn, vind, tørke, flaum og ras. Klima- og miljøplanen må bli eit verktøy for tenkemåte her. Sikre eit godt planverk med fokus på klima.

## Prioriterte satsingar i planperioden

- Utvikling av konseptet rundt rekrutteringsbustadane.
- Revidering av reguleringsplan Bismo sentrum.
- Ny hovudplan for vatn og avløp inklusive tiltaksplan.
- Hovudplan for kommunal bygningsmasse.
- Oppgradering av VA-anlegg.
- Utbetring av Skjåkhallen.
- Dialog og samhandling med næringslivet for å sikre eksisterande arbeidsplassar og skape nye, mellom anna om korleis næringsfondet kan nyttast.

- Få med klima- og miljøarbeid som ein naturleg del av alt vi arbeider med.
- Ny barnehage.


### **Kvalitetsdiskusjon**

Skjåk kommune har gjennomgåande gode tekniske tenester der det er viktig å ha eit verdibevarande vedlikehald.

Kvalitet på drikkevatnet er viktig, det same er leveringssikkerheit. Skjåk kommune har planlagt ei oppgradering av fleire kommunale vassverk, for å sikre vasskvaliteten og nok vatn. Vidare vil det bli utbetringar i leidningsnettet, også for å trygge kvaliteten på drikkevatnet. Den fyrste tida vil utfordringa vere størst på å klare å levere nok vatn. Over år ser vi at kapasiteten er for liten fleire plassar og restriksjonar har vorte meir vanleg.

Terskelen for å ta kontakt med næringsavdelinga for rådgjeving eller for å søkje støtte, har vore og skal vere låg. Landbrukskontoret i Lom og Skjåk, skal vere tilgjengeleg for alle i begge bygdene, og folk skal få hjelp til å utvikle ideane sine og til å etablere verksemder. Landbruket er ein berebjelke i Skjåk

## Tenesteområde Helse og omsorg



### Ansvarsområde

Skjåk kommune har svært gode helse- og omsorgstilbod, og tenestene som blir levert er av høg kvalitet. Vi ser at vi har hatt svært lett tilgjengelege tenester på alle nivå, og eit resultat har vore at det har blitt gjeve for høgt omsorgsnivå for tidleg. Det har ein mellom anna sett på at det har vore mange heimebuande med lite teneste og lavt hjelpebehov. Nå er talet heimebuande med tenester aukande, og ein ser ein særleg omstilling hjå pasientane som ønskjer å vere i eigen heim så lenge dei kan det.

Det har vore ei betydeleg omstilling i tenestene for å møte dei utfordringane kommunen står overfor i åra framover. Dette arbeidet er ikkje ferdig. Nå må vi arbeide med det førebyggande perspektivet, korleis kan vi auke folkehelsa i Skjåk kommune og kva kan vi som kommune bidra med i så måte? Dette er spørsmål vi må stille oss i alle tenester og sektorar. Førebygging er langt betre å gjere både av omsyn til økonomi, ressursbruk, eigenmeistring og verdighet.

SSBs befolkningsprognose ventar ei endring i innbyggjartalet frå 2.151 innbyggjarar i 2022 til 1.746 innbyggjarar i 2040. Eit mål for evna til å finansiere auka etterspurnad etter kommunale tenester er å finne eit måltal for kor mange personar i yrkesaktiv alder ein vil ha i forhold til eldre over 80 år (mellan 20 og 66 år). Dette gjev seg utslag allereie nå i forhold til at det er krevjande å rekruttere rett kompetanse til kommunen.

Evne til å finansiere auka etterspurnad etter kommunale tenester:

	2020	2025	2040
Skjåk	8,2	6,4	3,5
Nasjonalt	14,3	12,1	6,8

Forholdstala for Skjåk synleggjer kor viktig det er å bruke den moglegheita Skjåk kommune har til å endre tenestene slik at innbyggjarane framleis kan ha gode nok tenester. (Frå Statsforvaltarens kommunebilete for 2022).


---

Brutto driftsutgifter til helse og omsorg (kroner pr. innbyggjar):

Skjåk 2020	Skjåk 2021	Skjåk 2022	Innlandet fylke	KOSTRA- gruppe 5
41 587	46 819	47 583	40 343	48 171

Skjåk har eit høgt utgiftsnivå pr. innbyggjar. Frå 2021 til 2022 er det samla sett ein auke i driftsutgiftene. I forhold til KOSTRA-gruppe 5 brukar Skjåk kommune litt under denne gruppa på helse og omsorg. Samanlikna med Innlandet fylke er det ein vesentleg høgare kostnad. Årsaka til dette er samansett. Det er mellom anna eit høgare objektivt utgiftsbehov for pleie- og omsorgstenester enn landssnittet grunna alderssamansettinga i kommunen.

Netto driftsutgifter fordelt på omsorg- og helsetenester (i prosent):



	Skjåk 2020	Skjåk 2021	Skjåk 2022	Innlandet fylke	KOSTRA 5
Andel omsorgstenester i % av netto driftsutgifter	36,0	38,8	41,9	38,1	39,4
Andel kommunehelsetenesta i % av netto driftsutgifter	6,8	10,1	7,8	6,4	7,2

Tabellen syner at omsorgstenester i % av netto driftsutgifter ligg litt over KOSTRA-gruppe 5 og Innlandet fylke. Kommunehelsetenesta vår er ein god del høgare i kostnad enn KOSTRA-gruppe 5 og Innlandet fylke.

## Tenesteomtaler

### Lom og Skjåk tildelingskontor

Det er felles tildelingskontor med Lom, der Skjåk har vertskommuneansvaret. Tildelingskontoret fattar vedtak om tenester ut frå gjeldande lovverk. Dei har eit tverrfagleg samarbeid med institusjonane,

heimetenestene, fastlegar, fysioterapi, ergoterapi og andre relevante partar. Det er vurdert at arbeidsforma er effektiv, og gjev konkrete vedtak som er fagleg grunngjeve i ei felles fagleg forståing av rett omsorgsnivå og tenesteyting. Saksbehandlarane er viktige medspelarar for tenestene i å utforme gode tenester rundt brukarane, og dei er viktige samarbeidspartar for innbyggjarar som søker om tenester i Skjåk kommune. Tildelingskontoret er koordinerande eining, og har såleis ansvar for oppnemning av koordinatorar og opplæring i bruk av det digitale verktøyet *Samspill*. Vederlagsbereking av langtidsopphald er lagt til tildelingskontoret, og er ei oppgåve som blir gjort der.

Det har over tid vore eit ønskje om å evaluere *Kvalitetstandard for helse og omsorgstenester* i både Skjåk og Lom kommunar. Dette arbeidet vil bli utført i 2024. Det vil vere fokus på å utarbeide gode arbeidsverktøy for dei tilsette og god informasjon til innbyggjarane.

#### *Regionalt helsesamarbeid*

Vertskommuneavtale om helsesamarbeid i Nord-Gudbrandsdal omfattar legevaktordning, legevaktvarsling, jordmorvaktordning, 6 intermediære senger, 3 KAD-senger (Ø-hjelp) og kostnadar for hjelpepersonell knytt til spesialisthelsetenesta ved NGLMS. Kommunane mottek statlege tilskot for å drifta KAD-senger, som blir overført Sel kommune som del av finansieringa. Det er verd å merke seg at vi har hatt to heilt særskilte år med omsyn til behov for å bruke intermediære senger. Hittil i 2023 har vi ikkje hatt eit slikt behov, og kjem til å få ein langt lågare rekning for dei intermediære sengeplassane.

#### *Sysselsettingsgruppa*

Lom og Skjåk har hatt eit langvarig samarbeid om ei felles sysselsettingsgruppe. I 2023 fekk dette tiltaket ein ny profil som i enda større grad fokusera på å sørge for at personar med utfordringar i utdanning og arbeidsliv får eit tilbod. I dag blir det gjeve tilbod til personar som av varierande grunnar ikkje står i ordinært arbeidsliv. Grunnar til å ikkje vere i ordinært arbeidsliv kan vere både av kort- og langsiktig varigheit. Felles for alle er eit mål om ein meiningsfull arbeidskvardag og fellesskap.

Det blir utført sysselsetting og arbeidstrenings, og tenesta har fokus på å skulle etablere varig tilrettelagte arbeidsplassar og aktivitetar. Sysselsettingsgruppa har ein leiar som er direkte underlagt kommunalsjef. Leiaren har eit koordineringsansvar for tenestene, og har ein viktig oppgåve i å forme dette til eit berekraftig og sjølvstendig tiltak der personar med psykiske og fysiske utfordringar kan føle meistring og utvikling i eiga liv. Dette arbeidet er godt i gang, og det er ei forventning om at tiltaket vil ha ein rask utvikling i 2024 slik biletet er nå.

### Institusjon og heimesjukepleie


Indikatorar institusjon:

	Skjåk 2020	Skjåk 2021	Skjåk 2022	Innlandet	KOSTRA 5
Andel innbyggjarar 80+ med sjukeheims plass (%)	15,3	12,5	12,3	10,2	11,8
Utgifter pr. opphalldøgn institusjon (kr)	3 435	4 495	4 778	4 763	4 617
Legetimar pr. veke pr. bebuar i sjukeheim	0,40	0,78	0,85	0,60	0,54

Sjukeheimsplasane og omsorgsbustadane med høgare omsorgsnivå er lokalisert under same tak på Skjåkheimen. Det har vore tydeleg over fleire år at omsorgsbustadane har redusert behovet for sjukeheimsplassar. Denne framsynte organiseringa gjev oss eit ekstra verktøy i omsorgstrappa, og gjer at Skjåk kommune har eit fortrinn i å vri tenestetilbodet frå institusjon til heimebaserte tenester.


Omsorgsbustadane som ligg under same tak som sjukeheimen avlastar heimesjukepleia med omsyn til køyring, og gjev meir fleksibilitet til tenesteytarane. Dei som bur der har eit samansett behov for tenester, og har behov for heimesjukepleie og andre tenester frå helse og omsorg.

Heimesjukepleia merkar nå at fleksibiliteten dei kunne hente ut av samlokalisering av dei meir hjelpetrengande pasientane nå ikkje er tilstrekkeleg. Det er behov for fleire tilsette som kan bistå i direkte pasientretta arbeid, i administrasjon av pasientanes behov som t.d. ved samarbeid med sjukehus/ fastlege og i samarbeidet med pasient og pårørande. Gjennom 2023 har det blitt klart at det er behov for å auke bemanninga i tenesta, og tenesta har hatt overforbruk gjennom store deler av 2023 som følgje av det.



	Skjåk 2020	Skjåk 2021	Skjåk 2022	Innlandet	KOSTRA 5
Andel innbyggjarar over 80 år som brukar heimetenester	36,3	33,6	35,7	29,4	33,1
Andel brukarar av heimetenester 0-66 år	41,5	43,9	41,1	47,3	43,9

Det er lagt inn ei auke i budsjettet for 2024, slik at det kan tilsettast meir personale, og i fireårsbudsjettet er det lagt inn ei gradvis auke i bemanninga i åra framover. Ansvarsområdet 310 Institusjon og heimesjukepleie ser og at det er behov for å gjere ei vurdering av kva oppgåver vi gjer og kven som gjer oppgåvene. Det skal arbeidast vidare med å sjå på kva konkrete tiltak som bør prioriterast i eit førebyggande perspektiv, for å arbeide ut i frå "Strategi for helse og omsorg 2022 – 2030".



Delen innbyggjarar som brukar heimetenester over 80 år er aukande, og er nå høgare enn Innlandet og KOSTRA-gruppe 5. Andel innbyggjarar som brukar heimetenester 0-66 år har ein reduksjon i tenesteomfanget, som har naturlege årsaker. Denne gruppa ligg markant lågare enn KOSTRA-gruppe 5 og Innlandet.

I tråd med nasjonale føringar, skal Skjåk kommune ha gode heimetenester for å leggje til rette for at flest mogleg skal få bu heime så lenge som mogleg. Førebyggande arbeid som hindrar og forsinkar utviklinga av helseplager for alle deler av befolkninga må ha høg prioritet. Skjåk kommune ønskjer å bidra til at den enskilde innbyggjar opplev meistring i kvardagen, opplev meinung med livet og at ein har ei betyding som medmenneske i samfunnet vårt.

Kvardagsrehabilitering blei etablert som tilbod i Skjåk kommune i 2016, der nettopp tidleg intervensjon og førebygging er viktige stikkord. Dette er ei teneste som rettar seg mot innbyggjarar som har hatt eit funksjonstilstand og blir utvikla i tett dialog med tenestemottakaren. Eit viktig prinsipp i målsettinga er kvardagsmeistring og "Kva er viktig for deg?". Tenestene ønskjer å utvikle det tverrfaglege samarbeidet i kommunen, og auke kvaliteten til det beste for innbyggjarane. Det vil bli arbeidd vidare i 2024 med korleis vi i større grad kan hjelpe våre heimebuande til å mestre eigne liv sjølvstendig.

Det blir satsa på velferdsteknologi som eit ledd i å gjeva meir smidige tenester, og gjera våre tenestemottakarar meir sjølvstendige. Tenestene har kjøpt inn fleire skjermar og anna utstyr som aukar kvaliteten på tenestene våre. Eit døme er vandrealarmen der ein bebuar i bustad kan gå fritt, men tenesta får varsel om vedkommande passerer avtalte punkt. Det gjer at tenesteytarane kan finne at vedkommande og på ein skånsam måte geleide han eller ho attende til bustaden. Det er velferdsteknologi som legg til rette for fysisk aktivitet, meistring og tryggheit.

Institusjon og heimesjukepleie arbeidar nå tett saman under felles leiing, og eit resultat av det er samarbeidet om demensomsorga. Dagtilbodet for heimebuande med demens er etablert, og tilbodet er utvida i løpet av 2023. Ansvarsområdet har satsa stort på kompetanseheving blant fagarbeidarane, og har fokus på at dei tilsette skal ha tilgang til kompetanseheving for å sørge for kvalitet på tenesteytinga.

#### *Heimenester for funksjonshemma*

Heimenester for funksjonshemma inneber tenester som personleg assistanse i heimen, brukarstyrt personleg assistanse (BPA), praktisk bistand opplæring og trening i daglelivets aktivitetar, støttekontakt, omsorgsstønad, avlasting for pårørande, dagaktivitetar og tilrettelagt arbeid for funksjonshemma.

Tenesta blir gjeve i avlastingsbustad, bemanna omsorgsbustad og i heimen til den funksjonshemma. Dette gjeld avlasting/personleg assistanse /praktisk bistand gjeve ut i frå miljøterapeutiske prinsipp. Ei av våre hovudmålsettingar har vore i tråd med prosjektet "Berekraftig bufellesskap og avlastningsteneste 2020-2050" dette i arbeidet med å utvikle tenestetilbodet for brukarar, pårørande og tilsette i tenestene. I tillegg har vi fokus på velferdsteknologi og har med hjelp av prosjektmidlar frå 2021 hatt ei grundig kartlegging for implementering og bruk av velferdsteknologi til born/ unge og vaksne med funksjonsnedsettingar i Skjåk kommune.

Det er lagt inn ein kostnadsauke som følgje av auka behov for heildøgns tenester i ansvarsområdet. Det finansierast delvis av refusjonar frå staten. Det er eit aukande behov for tenester frå ansvarsområdet, og vi har eit behov for å utvikle gode tenester gradvis i takt med det aukande behovet.

Det har vore ei positiv utvikling med dagaktivitetstilbodet i 2023, og tenesta deler lokalar med ungdomsklubben og kulturskulen i kjellaren i Skjåk kraftverk. I tillegg nyttar fleire med behov for tilrettelagt arbeid tilbodet til Sysselsettingstiltaket i Lom og Skjåk. Fleire vil få tilbod på her frå 2024.

Ein av dagaktivitetane tenesta driftar er kantina på ungdomsskulen. Dette er ein god aktivitet for integrering av funksjonshemma i lokalmiljøet i Skjåk. Her ynskjer vi og utvide aktiviteten med fleire kantinedagar. Vi

---

samarbeider om kantina med lokale bedrifter og får god pris på mat med stutt haldbarheitsdato. Ein berekraftig gevinst her er redusert matsvinn i Skjåk på lokale butikkar og lagar eigenproduserte lunsjmenyar. Det er ikkje lagt inn noko auka kostnadar i budsjettet for kantinedrift, men det er føresett at det drivast etter sjølvkostprinsippet. Andre aktivitetar og oppdrag vi har er kommunale tenester og fleire oppdrag for lokale bedrifter som; Fjuken, Bunnpris, Interfil og Skeid Kro.


Skjåk kommune har fleire personar med omfattande tenestetilbod, der vi vurderer at personalressursane kunne vore nytta på ein meir effektiv måte og vi ville oppnådd større fagleg fellesskap. I tenesta er det store utfordringar i høve til å rekruttere personar til stillingar innanfor personleg assistentteneste. Vi tenkjer at Skjåk kommune kan lette utfordringane med rekruttering og gjere tenesta mindre sårbar, dersom vi får på plass ei samlokalisering for ulike personar med omfattande tenestebehov i Bismo. Dette gjeld personar med utfordringar i høve til psykisk- og/ fysisk helse, som ville hatt stor nytte av eit slikt butilbod og dermed meir målretta teneste i eit større fagleg fellesskap. Dette arbeidet bør drøftast i lag med nabokommunar, for å kartlegge om det er andre med behov for butilbod med heildøgns bemanning. Slik det er i dag, har vi ikkje tilstrekkeleg butilbod til alle med slike behov, og det gjer at vi må kjøpe tenesta frå andre kommunar. Dette krev også ein gjennomgang av bustadar og lokalar i Bismo som kan vere aktuelle å spele inn i arbeidet med ny sentrumsplan i Bismo.

	Skjåk 2020	Skjåk 2021	Skjåk 2022	Innlandet	KOSTRA 5
Andel nyfødde med heimebesøk av helsesjukepleiar (prosent)	93,3	70,1	100,0	92,2	100,7
Heimebesøk av jordmor innan tre døgn etter heimkomst (prosent)	33,3	25,0	60,0	52,1	72,9
Undersøkt 8.leveuke	93,3	70,0	113,3	98,4	101,5
Undersøkt grunnskole 1.trinn	95,5	113,5	112,8	98,5	87,4
Årsverk helsestasjon pr. 10 000 0-66 år	96,8	85,7	76,4	56,7	62,2

#### *Lom og Skjåk Helsestasjon og jordmor*

Lom og Skjåk helsestasjon vart etablert og starta opp 1. januar 2023. Dette året har vore nytta til å kartlegge korleis tenestene har arbeidd, fokus på å vere ei felles tilsettgruppe og fokus på korleis vi kan nytte kompetansen best på tvers av kommunegrensene. Teneste har prioritert å vere trygge ressurspersonar for tilsette, ungane og andre samarbeidspartar, samtidig som dei har prioritert felles samlingar der dei har arbeidd med internkontroll og kvalitetsutvikling. Det er eit spanande utviklingsarbeid å ha felles helsestasjon og svangerskapsomsorg mellom to kommunar.

---



Skjåk kommune jobbar målretta med førebygging av psykiske og fysiske lidingar blant barn og unge, og har ei målsetting om at helse- og velferdstenester retta mot barn og unge skal bli betre koordinerte og av betre kvalitet. I dette ligg ein ambisjon om å fange opp problem, gjera god kartlegging og vurdering, samt setja inn hjelpetiltak så snart som råd – tidleg innsats. Det er viktig at helsestasjonen opprettheld si kompetanse for å arbeide førebyggande blant foreldre og barn. Dette gjeld særleg TIBIR, men òg Cos-P og PMTO (foreldrerettleiingsprogram). Helsestasjonen har satsa på ein digital skulehelseteneste i godt samarbeid med oppvekst, som kom særleg til nytte under pandemien. Den digitale skulehelsetenesta blir arbeidd meir med i 2024, for å utvikle den meir i tråd med borna og ungane sine behov. Helsestasjonen har dei siste åra fått tildelt betydelege statlege tilskot for å styrke barn og unge si psykiske helse ved å jobbe førebyggande.

Statistikken syner at helsestasjonen har ein god utvikling innan heimebesøk og kontrollar på skule.

Helsestasjonen er sett sammen tverrfagleg og nyttar mellom anna vernepleiar-kompetanse inn i tenestene.

### *Barnevernstenesta i Skjåk, Lom, Vågå og Sel*

Oppvekstreforma skal endre den kommunale barneverntenesta ved at dei skal ha langt mindre saksbehandling, og at sakene dei skal handtere skal vere dei mest alvorlege og krevjande sakene.

Det er og større krav til kompetansen i barnevernet, noko dei tilsette er i god gang med å utarbeide. For å møte dei nye krava, blei barneverntenestene i Sel, Vågå, Lom og Skjåk slått saman til ei interkommunal teneste med Sel kommune som vertskommune og med kontorstad på Otta i 2019. Det er god dialog mellom barnevernet og andre kommunale tenester.

I Skjåk kommune har vi hatt fokus på å samarbeide tett med barnevernet, og vi ser at det er mange born og unge som har behov for bistand i Skjåk. Fleire av undersøkingane omhandlar alvorlege hendingar. Behovet for tiltak i og utanfor heimen er høgare enn det har vore tidlegare. I tråd med oppvekstreforma vart det

omdisponert ressursar i 2023 for å jobbe meir systematisk med det førebyggande arbeidet inn mot born og unge. Den har resultert i ein eigen plan for førebyggande arbeid for born og unge, som behandlast politisk hausten 2023. Målet er at born og unge skal ha ei betre oppfølging og hjelp på eit tidlegare stadie. Frå 1.1.2019 har kommunen plikt til å ha ein akuttberedskap i barnevern, og det er etablert ei regionalt vaktordning for heile Nord-Gudbrandsdalen etter kommunelova § 28 med Sel kommune som vertskommune.

#### **NAV Lom og Skjåk**

Dei blir jobba fokusert og målretta med arbeidsretta oppfølging hjå NAV Lom og Skjåk. Dette har mellom anna ført til at det i dei seinare åra har vore ei relativ låg totalutbetaling av økonomisk sosialhjelp på årsbasis. Vi ser at endringane i samfunnet synleggjer seg i det auka behovet for dei kommunale tenestene frå NAV. Det siste året (2023) har synt ei stor auke i behova for å bistå innbyggjarane med til dømes økonomisk rettleiing, frivillig forvalting og saksbehandling av søknad om økonomisk sosialhjelp. I Skjåk kom det i fyrste halvår i 2023 like mange søknader om økonomisk sosialhjelp som det kom i heile 2020. Dette er mellom anna på grunn av at det ikkje kjem færre flyktningar, renta og prisar på t.d. matvarer aukar stadig og det er ei forventning om at behovet vil auke.

NAV ser at det er meir komplekse saker nå enn tidlegare, og det er oftare i kombinasjon med økonomi og gjeld. Ein ser eit aukande behov for tenesta opplysning, råd og rettleiing etter § 17 i lov om sosiale tenester i NAV, samt ordninga friviljug forvaltning. Som eit ledd i dette arbeidet initierte NAV Lom og Skjåk prosjektet LEVELE – god styring med eigen økonomi i 2020. Prosjektmidlane kjem frå Statsforvaltaren. Det er innstilt ein person til tredje og siste prosjektperiode. Dersom denne takkar ja blir det oppstart i januar 2024. NAV blir stadig meir digitalisert, men det blir lagt vekt på at den oppsøkjande verksemda ut mot bedrifter og brukarar skal oppretthaldast og aukast i åra framover.

#### Indikatorar sosialtenester:

	Skjåk 2018	Skjåk 2019	Skjåk 2020	Skjåk 2021	Skjåk 2022	Skjåk 2023*
Sosialhjelpsmottakarar (tal)	35	30	23	25	29	43
Sosialhjelpsmottakarar 18-24 år (tal)	7	3	4	-	-	4
Sosialhjelpsmottakar med sosial hjelp som viktigaste kilde til livsopphold	9	14	8	7	-	10
Antal barn (u/18) i familiær som mottek sosialhjelp (antal)	28	16	21	24	20	27

\* Skjåk 2023 er pr. 1. november 2023.

Talet på sosialhjelpsmottakarar har auka både generelt og i segmentet med sosialhjelp som viktigaste kjelde til livsopphald. Sosialhjelpsmottakarar mellom 18-24 år er lågt og stabilt, men vi ser ei auke i antal barn i familiarar som mottek sosialhjelp.

NAV Lom og Skjåk har tilsett jobbspesialist som arbeidar målretta med arbeidsledige innbyggjarar som er registrert i NAV. Dei har behov for tett, arbeidsretta bistand. Målet er at dei kjem seg raskt sut i eit ordinært arbeidstilhøve med mål om varig tilknyting. Ein jobbspesialist arbeider med ein eigen metodikk (*Supported employment*) og vektlegg behova til arbeidssøkjaren. Ein arbeidssøkjær som får oppfølging av jobbspesialist har moglegheit for langvarig oppfølging (opp mot tre år). Målet er at han/ho skal koma seg i eit ordinært arbeidstilhøve, og bli styrka til å halde seg i arbeid over lang tid. Jobbspesialisten deltek i eit nettverk med fleire jobbspesialistar i Gudbrandsdalen, og får rettleiing frå eigen metoderettleiar.

Jobbspesialisten har gjeve god effekt og godt resultat, noko som synleggjer kor viktig det er å ha moglegheita til å jobbe tett og metodisk i arbeidsrettinga for innbyggjarane våre. Jobbspesialisten har ei langt mindre portefølje enn ein vanleg rettleiar i NAV har, og det er nettopp dette som gjev rom til å ha god tid til kvar enkelt og for å kunne gje den tette oppfølginga som trengs i arbeidsrettinga.

#### *Helsetenester*

Skjåk kommune yter ein del av helsetenestene til sine innbyggjarar i eigen regi, ein del i samarbeid med Lom og ein del i samarbeid med alle norddalskommunane.

Indikatorar helsetenester:

	Skjåk 2020	Skjåk 2021	Skjåk 2022	Innlandet	KOSTRA 5
Legeårsverk pr. 10 000 innbyggjarar	18,8	18,6	19,6	13,3	16,0
Fysioterapiårsverk pr. 10 000 innbyggjarar	11,5	11,6	11,6	11,3	12,3

Skjåk har høgare dekning på legetenester enn Innlandet og KOSTRAgruppe 5. Skjåk ligg så vidt høgare enn Innlandet i fysioterapiressursar, og noko under KOSTRA-gruppe 5.

#### *Legetenester*

Det har vore ei stabil og god legeteneste i Skjåk over lengre tid, og vi har lukkast i å oppretthalde dei tre legeheimlane. Det vart etablert ei drift i 2022 der Skjåk kommune prøvde ut ei ordning med 4 tilsette legar i deltidsstillingar. Dette er nå gjort permanent, og Skjåk er ei av få kommunar som nyt godt av å ha eit så vitalt og framoverlent legekontor som vi har. Vi har hatt turnuskandidatar knytt til tenesta, og i tillegg praksisstudentar. Dette har vore verdifulle og dyktige medarbeidrarar, som har tilført kontoret kompetanse.

---

Skjåk kommune er kobla på ALIS-utdanninga, og to legar er nå spesialistar i allmennmedisin, mens to andre er i ferd med å gjennomføre si spesialisering. Det er ei styrke og tryggleik for Skjåk kommune sine innbyggjarar.

### *Fysioterapi og ergoterapi*

Skjåk kommune har vertskommunesamarbeid med Lom kommune om fysioterapi og ergoterapi. Skjåk har 2,5 kommunale fysioterapiheimlar og i budsjett er det lagt inn ei auke for ergoterapeut frå 0,8 stilling til 1,0 stilling. Det har over tid vore ei utfordring å rekruttere inn i ergoterapeutstillinga der, og vi ser at det nå er tid for å auke stillingsressursen. Det har vore planlagt å auke denne stillinga til ei full stilling sidan tenestene vart felles. Det er ei forventning om at ergoterapeut-tenesta skal ta eit ansvar for, og vere ein særleg drivkraft i, arbeidet med velferdsteknologi.

Tenesta er svært viktige i det førebyggande og rehabiliterande arbeidet i kommunen. Det gjeld om det er vedlikehald av funksjoner, trening av skada funksjoner eller førebygging av nye skader. Det er ei teneste som samarbeidar tett med alle tenestene på tvers, og dei har fokus på å drifte tenesta slik at prioriterte tenester får høgast prioritet. I Skjåk kommune si vedtekne strategi for helse- og omsorg er det satsa særleg på førebyggande tiltak, og i 2024 må vi arbeide med samordninga av våre førebyggande tiltak og vurdere korleis vi kan auke innsatsen.

### *Psykisk helseteneste Lom og Skjåk*

Psykisk helseteneste (inkl. rusomsorg) var tidlegare organisert under heimebaserte tenester. Samhandlingsreforma for rus og psykiatri stiller store krav til den enkelte kommune, og når døgninstitusjonar blir lagt ned, tyder det ytterlegare press på tenestene i kvar kommune. Tidlegare var det slik at ingen skulle motta behandling i kommune, men nå har dette biletet endra seg til at alle med milde eller moderate utfordringar skal få hjelpe og behandling i kommunen. Dette stiller heilt andre krav og forventningar til psykisk helse – teneste frå kommune og spesialisthelsetenesta.

Skjåk kommune har omfattande kostnadar ved kjøp av private tenester i psykisk helse. Innslagspunktet for å få dekka kostnadar ved ressurskrevjande brukarar blir høgare enn dagens nivå. Skjåk kommune har foreløpig ikkje kompetanse eller kapasitet til å organisere denne tenesta sjølv, og må difor kjøpe tenesta av ein privat aktør.

Det er behov for å etablere psykiatribustadar, og det vil vere hensiktsmessig å etablere det i samarbeid med andre kommunar. Det er fokus på å finne ei felles interkommunal løysing, for å sikre kompetanse og kvalitet, men dette er eit arbeid som krev eit interkommunalt samarbeid og difor er det ein lang prosess.

---

FACT (*Flexible Assertive Community Treatment*) er eit aktivt oppsøkjande team som gjev kunnskapsbasert behandling og oppfølging til menneske med alvorleg psykisk og/ eller rusliding. Teamet arbeider i hovudsak i pasientens heim og nærmiljø. Teamet skal gje samanhengande, godt koordinerte og heilskaplege tenester. Teamet er tilgjengeleg på dagtid i veka. Psykisk helseteneste Lom og Skjåk bidreg inn med 20% stillingsressurs. Prosjektet er inne i sitt 4. år og er eit samhandlingsprosjekt mellom kommunane Sel, Vågå, Lom, Skjåk, Dovre, Lesja, NAV og Sjukehuset Innlandet/ DPS Lillehammer.

### **Utfordringar i planperioden**

Den demografiske utviklinga i Skjåk viser at vi får stadig fleire eldre med behov for helse- og omsorgstenester. Vi må arbeide meir aktivt med å førebygge funksjonsfall og framtidig sjukdom, og slik gjere det mogleg for Skjåk kommune sine innbyggjarar å få forsvarlege tenester i framtida. Arbeidet med demensomsorga, og sikre tilstrekkelege butilbod for denne brukargruppa, er meldt inn som eit stort behov for tenestene.

Bruk av velferdsteknologiske hjelpemiddel i tillegg til ei heimeteneste av høg kvalitet, skal bidra til at brukarane får gode og trygge tenester i heimen så lenge som råd. Tenestene blir utfordra til å tanke nytt om korleis tenesteyting skal skje, og kven som skal utføre kva oppgåver. Det er viktig å bruke kompetansen der det er mest bruk for den i den vidare tenesteytinga, slik at Skjåk kommune kan få best mogleg utbytte av den kompetansen som er tilgjengeleg for våre innbyggjarar.

Ressurskrevjande tenester vil auke i åra framover med relativt mange barn og unge med stort omsorgs- og hjelpebehov. Tenestene må innrettast slik at dei vil vere berekraftige dei neste 20 åra.

Kommunen blir stadig pålagt fleire oppgåver utan at det følgjer med tilstrekkeleg statlege midlar. Det er krevjande for ein liten kommune å få finansiert alle dei nye oppgåvene innanfor dei tildelte rammene i tillegg til at det kan vere krevjande å få rekruttert medarbeidarar med rett spisskompetanse. Ytterlegare samarbeid innan helse- og omsorgstenester med nabokommunar og andre kommunar i regionen vil bidra til ein auke i kvalitet og ein meir effektiv teneste som er mindre sårbar.

### **Prioriterte satsingar i planperioden**

Stortingsmelding 15 "*Leve hele livet*" og den varsle reforma "*Bu trygt heime*" vil krevje at vi legg enda meir til rette for heimebaserte tenester, slik at folk klarar seg så lenge som råd i eigen heim eller omsorgsbustad. Reforma legg vekt på å skape eit meir aldersvennleg samfunn der eldre lever gode liv, deltek i fellesskapet og kan bruke kompetansen sin. Skjåk kommune må dreie tenestene sine slik at det er fokus på eiga meistring, sjølvstende og bruk av rett kompetanse.

---

Strategi for helse- og omsorg vil bli eit viktig styringsverktøy for Skjåk kommune i perioden. Den gjev og viktige signal til innbyggjarane våre om korleis prioriteringar må gjerast for å sikre at dei som må ha hjelp får det.

### **Kvalitetsdiskusjon**

Den auka utfordringa i høve demografi og rekruttering set nye krav til korleis helse- og omsorgstenester skal ytast. Det gjev avgrensingar til kva Skjåk kommune som offentleg tenesteytar skal gjere av oppgåver, og det gjev eit auka meiransvar til den einskilde innbyggjar i forhald til korleis dei legg til rette for sin eigen helse. Det vil bli arbeidd med korleis befolkninga kan få informasjon og rettleiing i forhald til dette. Det er ei viktig kommunal oppgåve å formidle til befolkninga at Skjåk kommune ikkje kan yte tenester i same omfang i framtida, og at det krev meir av den einskilde. Eit døme på det er at ein innbyggjar ikkje kan vente at Skjåk kommune har bustadar klare til dei som ønskjer å fløtte til Bismo når dei ikkje har førarkort lengre. Det er ingen sjølvfølgje, og ikkje minst avhenger det av om ein har behov og dermed rett på tenester. Det vurderast av fagpersonar som har delegert mynde til det.

Auka krav til kompetanse som følgje av fleire og meir krevjande oppgåver lagt til kommunen, krev satsing på kompetanseheving i fleire fagområde innan helse og omsorg. Det er særleg relevant å satse på auka kompetanse innan psykisk helse, demensomsorg, folkehelsetiltak og rettleiing av tilsette.

Satsing på digitalisering og bruk av velferdsteknologiske hjelpemiddel vil bidra til ei betre utnytting av ressursane. Skjåk kommune har teke i bruk mykje velferdsteknologi, og organisasjonen er nå moden for å utvikle dette meir.